



MASTEROPPGÅVE

Formulering av gode skriveoppgåver

- *Komparasjon mellom eksamensrettleiingar, eksamensoppgåver og andre oppgåver*

Designing good writing assignments

- *A comparison between guidelines for and the assignments from the written exam in Norwegian, and other assignments*

Silje Larsen Fjellheim

Master i læring og undervisning

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Rettleiar: Jan Olav Fretland

Innleveringsdato: 02. desember 2019

Forord

Då var tida inne for å avslutte «evigheitsprosjektet» som eg har enda opp med å kalle det. Det har vore ein lang prosess som starta hausten 2015 (ja, eg måtte rote fram i gamle planar for å sjekke når eg eigentleg begynte). På denne tida har eg ikkje berre klart å snekra saman ei masteroppgåve, men eg har i tillegg opplevd å bli mor for første gang. Dette førte difor til at masteroppgåva blei lagt på is ei stund, og det vart tyngre enn kva eg hadde trudd å begynne på att. Å skrive masteroppgåve samstundes som ein liten aktiv krabat krabbar rundt føtene og krev merksemd har ikkje vore særleg effektivt. Så takk til familie, og ikkje minst hunden vår, Rex, som også har måtta trå til, for pass av Brage!

Sjølv om det har vore ein lang og krevjande prosess, der eg ofte har tenkt på om det har vore verdt det, er eg glad for at eg har klart å fullføre. Eg har lært mykje, og har blitt meir medviten rundt ulike aspekt ved skulekvardagen i den grad av at eg tenkjer og funderer meir over grunnen til korleis ting blir gjort, og kvifor. Difor vil eg også takke alle, både nære og fjerne, som har komme med oppmuntrande og motiverande ord for å halde meg i gang!

Til slutt vil eg takke rettleiarane mine. Den første rettleiaren min, Madeleine Halmøy, er dessverre ikkje med oss lenger, men utan ho er det ikkje sikkert det hadde vorte noko masteroppgåve. Du gav meg oppmuntrande ord og konstruktive tilbakemeldingar i ein periode der eg hadde problem med motivasjonen for å gjennomføre prosjektet. Det var synd at me ikkje fekk tida til å bli betre kjend. Jan Olav Fretland tok over rettleiarrolla, og samarbeidet vårt starta hausten 2018. Du har komme med gode og nyttige råd undervegs, og sørge for at eg klarte å komme i hamn med masteroppgåva. Takk for alle kjekke, og ikkje minst nyttige, samtalar!

No ser eg fram til forhåpentlegvis litt meir nattesøvn og ikkje minst fritid på både kveldar og i helgar – sjølv om eg er litt usikker på kva all denne fritida skal brukast til.

Silje Larsen Fjellheim

Desember, 2019

Samandrag

Tema for masteroppgåva er skriveopplæring. Bakgrunnen for prosjektet er eiga interesse og antydingar om manglande forskning på område. Forsking viser at det som oftast har vore mest fokus på leseopplæring, og difor håpar eg dette prosjektet kan vere eit bidrag for å berike forskinga om skriveopplæring. Spesielt har det vore manglande forskning rundt det å utforme skriveoppgåver. Difor er føremålet med studien å komme fram til nokre kjenneteikn på kva som kan karakteriserast som gode skriveoppgåver, og om eksamensrettleiingane, eksamensoppgåvene og skriveoppgåvene lærarane nyttar oppfyller desse krava.

Studien nyttar kvalitativ tekstanalyse for å belyse problemstillinga, og det er eksamensrettleiingar, eksamensoppgåver og andre oppgåver frå skular brukt til tentamen og skrivedagar som er gjenstand for analyse. Som analysereiskap har det blitt brukt ei matrise bestående av kategoriar forankra i aktuell teori og forskning: skriveoppdrag, mottakar/publiseringsskanal, føremål, tekstomgrep og kontekst.

Funna frå dei ulike dokumenta har blitt samanlikna med kvarandre, og drøfta opp i lys av teori og tidlegare forskning på området. Analysen syner at det er noko forskjellar frå eksamensrettleiingane og praksis.

Abstract

The theme for this master project is how to practice teaching in writing. The background for studying this theme is because of a personal interest and because there are little research in this field. I hope this project can be a contribution to increase the research on writing education. The purpose of this project is to study what characterizes good writing assignments.

The study uses a qualitative textual analyze method, and exam guidelines, exam papers and other assignments from school are the subject of analyze. Five categories anchored in theory and research has been developed: writing intructions, recipient/medium, purpose, text concept and context.

The different documents have been compared with each other, and are discussed in light of theory and earlier research on writing assignments. The analyz shows that there are some differences.

Innholdsliste

Forord	2
Samandrag	3
Abstract	4
1 Innleiing	1
1.1 Bakgrunn og tema	1
1.2 Problemstilling.....	2
1.3 Definisjon av omgrep	3
2 Teori	4
2.1 Utdanningsdirektoratet om skriveopplæring på ungdomstrinnet.....	4
2.1.1 Kva vil det seie å skrive i norskfaget?.....	6
2.1.2 Læreplanen før og etter revisjonen.....	7
2.2 Tidlegare forskning	8
2.2.1 <i>Normprosjektet og skrivehjulet</i>	8
2.2.2 <i>SKRIV-prosjektet</i>	12
2.3 Triadisk perspektiv på skriving og skrivetrekanten	14
2.4 Design av skriveoppgåver	15
2.5 Oppsummering.....	17
3 Metode	17
3.1 Kvalitativ metode	18
3.2 Tekstanalyse	18
3.2.1 <i>Fordeler og ulemper med tekstanalyse</i>	19
3.2.2 <i>Val av dokument</i>	19
3.2.3 <i>Dokumentinnsamling</i>	20
3.3 Reliabilitet og validitet.....	20
3.3.1 <i>Reliabilitet</i>	21
3.3.2 <i>Validitet</i>	21
4. Analyse	22
4.1 Analyse av eksamensrettleiingane	22
4.2 Funn frå eksamensrettleiingane.....	23
4.2.1 <i>Rettleiing frå 2013</i>	23
4.2.2 <i>Rettleiing frå 2014</i>	23
4.2.3 <i>Rettleiing frå 2015</i>	24
4.2.4 <i>Rettleiing frå 2016</i>	25
4.2.5 <i>Rettleiing frå 2017</i>	25

4.2.6 Rettleiing frå 2018.....	27
4.3 Funn frå eksamensoppgåvene	27
4.3.1 Eksamen frå 2013.....	29
4.3.2 Eksempeloppgåver frå 2013 og eksamen frå 2014	30
4.3.3 Eksamen frå 2015 og 2016.....	31
4.3.4 Eksamen frå 2017 og 2018.....	32
4.4 Analyse av eksamensoppgåvene og skriveoppgåvene.....	35
4.5 Funn frå skule 1	37
4.5.1 Skrivedagane frå 2013 og 2014.....	38
4.5.2 Skrivedagane frå 2016 og 2018.....	40
4.6 Funn frå skule 2	40
4.6.1 Skrivedagane frå 2016.....	42
4.6.2 Skrivedagane frå 2017.....	43
4.6.3 Skrivedagane frå 2018.....	45
4.7 Funn frå skule 3	46
4.7.1 Skrivedagane frå 2015.....	47
5 Drøfting.....	48
5.1 Slutt på lærarproduserte skriveoppgåver?	48
5.2 Komparasjon mellom offentlege retningslinjer og praksis	50
5.2.1 Skriveoppdrag.....	50
5.2.2 Mottakar og publiseringskanal	52
5.2.3 Føremål.....	53
5.2.4 Tekstomgrep.....	54
5.2.5 Kontekst.....	55
5.3 Drøfting opp i mot relevant teori og forskning	57
5.3.1 Skriveoppdrag.....	58
5.3.2 Mottakar og publiseringskanal	59
5.3.3 Føremål.....	60
5.3.4 Tekstomgrep.....	60
5.3.5 Kontekst.....	61
5.4 Oppsummering.....	62
6 Avslutning	62
6.1 Kritiske refleksjonar rundt eige arbeid.....	65
6.2 Vegem vidare.....	65
Litteraturliste	67
7 Vedlegg	71

1 Innleiing

I dette kapitlet vil eg beskrive kva som er bakgrunnen og temaet for prosjektet, presentere problemstillinga, og avslutte med å definere aktuelle omgrep.

1.1 Bakgrunn og tema

Studiar viser at leseferdigheitene til elevane har fått mykje merksemd i forhold til skriveferdigheitene (Utdanningsforskning, 2016). Ei mogleg forklaring på elevar sitt skriveferdighetsnivå kan vere kvaliteten på læraren si skriveundervisning (Berge & Skar, 2015, s. 51). Eit aspekt ved skriveundervisninga er å lage gode skriveoppgåver sidan eit av måla til skulen er å førebu elevane på eventuelle skrivesituasjonar dei kan ha bruk for i livet utanfor skulen (Utdanningsdirektoratet, 2013-2017). I følgje etablert forskning er dette også eit punkt som påverkar kvaliteten på læraren si skriveundervisning: «Hvordan *oppgavene* elevene skriver, er utviklet og forankret i skolens læringsaktiviteter» (Berge & Skar, 2015, s. 51).

Traci Gardner er ein amerikansk skriveleiar med brei erfaring innanfor skriving og skriveundervisning. Ho meiner at å designe skriveoppgåver er ein av dei viktigaste jobbane ein har som skriveleiar sidan: «Writing assignments are, in many ways, the structure that holds a writing class together» (Gardner, 2008, s. xi). Dette er også noko skriveforskarer Sigmund Ongstad poengterer: «Oppgaver kan langt på vei sies å utgjøre selve drivverket i skole og utdanning» (Ongstad, 2009, s. 74). Gardner forklarar vidare at det å komponere skriveoppgåver er ein komplisert jobb der: «We must balance pedagogical and curricular goals with the needs of multiple learners with multiple abilities...» (Gardner, 2008, s. xii). Anne Holten Kvistad og Jorun Smemo (2015), som begge har vore medarbeidarar i Normprosjektet, trekker også fram at det ikkje er ein enkel jobb å designe oppgåver:

Det handler blant annet om å ha en helhetlig forståelse av hva skriving i ulike fag er og bør være, og hvilken del av elevenes skrive- og fagkompetanse som skal øves på og vurderes. Det handler også om å kunne formulere et klart og tydelig skriveoppdrag om hva som skal gjøres, og hvorfor, slik at elevene får en forståelse for hva som forventes av dem (s. 222)

I skulen har synet på skriveopplæring endra seg gjennom tidene. I Mønsterplanen frå 1987 [M87] blei det lagt stor vekt på eksplisitt sjangerundervisning (Skjelbred, 2014, ss. 295-296). Til dømes finn me delemnet «Ulike genrer» under hovudemnet «Skriftlig bruk av språket» der det står at elevane, i tillegg

til skjønnlitterære sjangrar, skal arbeide med sjangrar som er vanlege i offentleg kommunikasjon og i dagleglivet (M87, 1987, s. 139). I Læreplanen frå 1997 [L97] blei det også lagt vekt på sjangerarbeid, og sjanger er eit ord som blir gjenteke mange gonger (Skjelbred, 2014, s. 296). Til dømes under «lese og skrive» i 10. klasse, står det blant anna at elevane skal: «Skrive informative og argumenterande tekstar (...) søknader, formelle brev og andre sjangrar dei har bruk for (...) prosjektplanar, føre dagbok (...) skrive vurderingar...» (L97, 1996, s. 128). I tillegg står det også at elevane skal arbeide med avissjangerar.

I LK06 derimot, er det ikkje lagt like mykje vekt på sjanger og sjangerkjenneteikn. Dette kjem av at sjangerpedagogikken har fått kritikk for å vere lite kreativt og «kopierande». I denne læreplanen ligg difor fokuset på *føremålet, funksjonen og budskapet* til teksten. Særleg etter revisjonen av læreplanen i norsk i 2013 har sjangeromgrepet blitt spesielt nedtona, medan *teksthandlingar* er kome meir i søkelyset (Skjelbred, 2014, s. 206).

Denne dreininga frå sjangrar til teksthandlingar forandra også måten å designe eksamensoppgåver på. Frå og med 2014, etter revideringa, blei sjangeromgrepet fjerna frå eksamensoppgåvene og erstatta med teksthandlingar, som betyr at det blir opp til elevane kva sjanger dei vil skrive teksten i. Når det gjeld sjølve oppgåveformuleringane, har dei gradvis endra seg frå å vere oppgåvelydar på ein til to setningar med veldig opne skriveoppdrag til meir omfattande og førande skriveoppdrag. Etter eksamensreforma i 2014 instruerer oppgåvene elevane om kva tekstar i førebuingmateriellet som må lesast, kva skrivehandling som skal takast i bruk, kven mottakaren er og kva føremålet med teksten er. Meir vanleg blir det også å nemne publiseringskanal for teksten. Etter innføringa av LK06 blir også oppgåveemna knytt meir opp mot læreplanen enn før (Norendal, 2016).

Første gong eg byrja å gruble over korleis ein utformar skriveoppgåver, var under ei forelesing på høgskulen. Temaet for undervisninga var «skrivehandlingar», og forelesaren forklarte at det ikkje lenger blir nemnt i eksamensoppgåvene kva sjanger det skal skrivast i. Dette var nytt, og eg syntest det var litt vanskeleg. Seinare, når eg byrja på masterstudiet og skulle finne ut av kva eg ville studere, las eg i boka til Hildegunn Otnes (2015, s. 11) at det er mangel på forskning med sjølve skriveoppgåvene i fokus. Dette blei difor med på å vekke interessa mi for korleis ein kan designe gode skriveoppgåver.

1.2 Problemstilling

Gjennom masteroppgåva ønsker eg å få meir innsikt i korleis ein kan legge opp til ei best mogleg skriveundervisning på ungdomstrinnet ved å sjå nærare på korleis ein kan formulere gode


skriveoppgåver. Otnes (2015, s. 15) skriv at forskning som er gjort på skriveoppgåver som oftast er knytt til offentlege testar og eksamenar. Kvistad og Smemo (2015, s. 221) trekker fram at det har vore lite forskning på skriveoppgåver med tanke på kor oppgåveorientert skriveopplæringa er. Også dei etterspør fleire studiar som tek for seg skriveoppgåver som lærarar har utforma sjølv. Med bakgrunn i dette, og med læreplanrevisjonen i minne, ønskte eg å studere både eksamensoppgåver og andre skriveoppgåver som lærarar bruker på tentamen og skrivedagar på 10. trinn. Eg har valt å konsentrere meg om oppgåveformuleringane til langsvarsoppgåvene, altså dei oppgåvetekstane som krev eit lengre svar frå elevane. Målet mitt med denne studien er å komme fram til nokre kjenneteikn på kva som kan karakteriserast som gode skriveoppgåver, og om eksamensrettleiingane, eksamensoppgåvene og skriveoppgåvene lærarane nyttar oppfyller desse krava. På grunnlag av dette, er problemstillinga for denne studien:

Kva kjenneteiknar skriveoppgåver gitt til tentamen og skrivedagar for 10. trinn? Korleis samsvarar desse oppgåvene, eksamensoppgåver og eksamensrettleiingar med kvarandre og med kriterium for gode oppgåvetekstar?

I grunnskulen er det eksamen etter 10. trinn, og difor, i tillegg til at eg ønskjer å jobbe på ungdomsskulen, vel eg å konsentrere meg om dette trinnet. Målet med tentamen og skrivedagar i 10. klasse er at elevane skal øve seg til eksamen (Det norske akademis ordbok, u.å.). Dette vil seie at blant anna oppgåvene må vere i samsvar med korleis eksamensoppgåvene blir utforma. Hypotesen min er at nokre av lærarane fortsatt nemner kva sjangrar dei vil elevane skal skrive i, i staden for at det skal vere opp til elevane å velje sjanger ut i frå føremålet og teksthandlinga som blir gitt.

1.3 Definisjon av omgrep

For at ikkje ordet «skriveoppgåver» skal bli gjenteke for ofte, bruker eg orda *oppgåveformuleringar*, *oppgåver* og *oppgåvetekstar* synonymt. «Skriveoppgåve» definerer eg som heile oppgåva, med eventuell innramming og skriveoppdrag. For å gjere det heilt tydeleg kva eg meiner, har eg laga eit eksempel nedanfor der eg har brukt ei oppgåve frå eksamen i sidemål i 2013:



Figur 1.1: Korleis omgrepet «skriveoppgåve» blir brukt

Omgrepa «skriveoppdrag» og «innramming» vil eg komme tilbake til i analysekapittelet. Der vil eg også definere: «føremål», «mottakar og publiseringsskanal», «tekstomgrep» og «kontekst» sidan desse omgrepa har fungert som kategoriar i analysearbeidet. Dei fleste orda vil også bli gjennomgått i teorikapittelet.

2 Teori

I dette kapittelet vil eg presentere den teoretiske bakgrunnen denne masteroppgåva bygger på. Først forklarar eg kva det offentlege, altså Utdanningsdirektoratet, seier om skriveopplæringa i den norske skulen, og peiker på endringane i læreplanrevisjonen i norsk frå 2013. På denne måten kan eg vurdere om både eksamensoppgåvene og eksamensrettleggane er i tråd med dei vedtekte målsetjingane. I del to har eg plukka ut to relevante forskingsprosjekt eg vil presentere funn frå: Normprosjektet og SKRIV-prosjektet. Begge studiane har vore med å påverka skriveopplæringa i skulen, og difor er dette to forskingsprosjekt som er verdt å nemne. Til slutt vil eg gå nærare inn på modellen *Skrivetrekanten* og legge fram nokre kjenneteikn på kva som blir rekna som gode skriveoppgåver. Her vil eg presentere tankegangen til nokre norske og utanlandske forskarar for fleire synspunkt på kva ei god skriveoppgåve kan vere.

2.1 Utdanningsdirektoratet om skriveopplæring på ungdomstrinnet

I *Teoretisk bakgrunnsdokument for arbeid med skrivning på ungdomstrinnet* (Utdanningsdirektoratet, 2012-2017) står det at: «Skriveopplæring handler om å vite hva skrivning er og hvilke krav som stilles til skriveferdigheter i samfunnet» (s. 2). Vidare står det at: «...elevne må få eksplisitt og systematisk skriveopplæring i alle fag forankret i en klar forståelse av hva skrivning er og hva normen for gode tekster er» (s. 2). Det teoretiske bakgrunnsdokumentet fungerer som fagleg støtte for å løfte skriveopplæringa

på ungdomstrinnet, og formålet er å vise noko av forskingsfeltet på skrivning og skriveopplæring og drøfte kva konsekvensar forskinga bør ha for skriveundervisninga på ungdomstrinnet. Dokumentet forklarar (s. 2–3):

- Bakgrunnen for innføringa av dei fem grunnleggjande ferdigheitene og kva det er viktig å ta omsyn til i arbeidet med skrivning som grunnleggjande ferdigheit på ungdomstrinnet
- Kva tre retningar i skriveforskinga som ligg til grunn for synet på skrivning og skriveopplæring i bakgrunnsdokumentet
- Kva som kjenneteiknar skulebasert kompetanseheving i skrivning

17. juni 2004 vedtok Stortinget at det måtte satsast på grunnleggjande ferdigheiter som basis for læring i alle fag (Berge, 2005, s. 1), og for første gang i norsk skulehistorie var det slått fast at: «...å forstå, lære og utøve et fag ikke kan ses uavhengig av det å skape mening med språket og andre meningsskapende eller semiotiske ressurser i faget» (s. 2). Med andre ord blir dei grunnleggjande ferdigheitene rekna som nødvendige føresetnader for læring og utvikling i skule, arbeid og samfunnsliv. I læreplanane blir det nærmare forklart kva ferdigheitene betyr og korleis dei kan utviklast i dei ulike faga. Ein av dei grunnleggjande ferdigheitene er «å kunne skrive» (Utdanningsdirektoratet, 2017), og norskfaget har eit særleg ansvar for å utvikle denne ferdigheita (Utdanningsdirektoratet, 2015). Innføringa av Kunnskapsløftet 2006 og skrivning som grunnleggjande ferdigheit førte dermed til at alle lærarar kan karakteriserast som skriveopplærarar då dei har ansvar for skrivning i sine fag: «Satt på spissen kan man si at forslaget innebærer at for eksempel alle lærere er norsklærere i og med at basiskompetansen skal beskrives i alle læreplaner for fag» (NOU, 2003, s. 13).

Skriving er eit komplekst fenomen med mange dimensjonar, og difor er det tre forskjellige retningar som ligg til grunn for synet på skrivning og skriveopplæring i bakgrunnsdokumentet: ei funksjonell, ei kognitiv og ei sosiokulturell tilnærming. Den funksjonelle tilnærminga ligg også til grunn for *Rammeverk for grunnleggjande ferdigheter*, og handlar om kva funksjonar skrift kan ha (Utdanningsdirektoratet, 2012-2017, s. 13). «Å kunne skrive» som grunnleggjande ferdigheit blir definert som: «...å kunne ytre seg forståelig og på en hensiktsmessig måte om ulike emner og å kommunisere med andre. **Skriving er også et redskap for å utvikle egne tanker og egen læring**» (Utdanningsdirektoratet, 2017). Her ser ein at skrivning blir forstått på to ulike måtar: Skrivning som uttrykk (markert i kursiv) og skrivning som reiskap (markert i feit skrift). Det didaktiske omgrepet for skrivning som uttrykk er presentasjonsskriving, medan tenkeskriving er det didaktiske omgrepet for skrivning som reiskap (Håland, 2016, s. 21). Eg kjem nærare inn på desse to omgrepa i kapittel 2.3.2.

Ei kognitiv tilnærming til skrivning tek utgangspunkt i dei kognitive prosessane som skjer når ein skriv:

...tankeprosesser der man utvikler innholdet man vil skrive om, transkriberingen av disse ideene gjennom staving, håndskrift (eller tastatur, grammatikk, tegnsetting og uthevinger (...)) motivasjon som innbefatter bevissthet om formålet med å skrive, forestillinger om skrivning, holdninger til skrivning og evnen til å vurder hva som er hensiktsmessig å gjøre (eller ikke gjøre) i en skriveprosess (...) [bruk av] skrivestrategier. (Utdanningsdirektoratet, 2012-2017, ss. 13-14)

I den sosiokulturelle tilnærminga er ein oppteken av korleis skrivinga fungerer i ulike kontekstar og i sosialt situerte skriveprosessar. Dette synet har blant anna vore del av det teoretiske fundamentet for SKRIV-prosjektet (Utdanningsdirektoratet, 2012-2017, s. 14).

At lærarane skal få vidareutvikle kompetansen sin i skrivning er eit viktig mål med den skulebaserte kompetanseutviklinga. Kompetanseutviklinga i skrivning inneber at ein må få ei forståing for at skriveopplæring er noko ein må jobbe eksplisitt med i alle fag, ikkje berre i norskfaget (Utdanningsdirektoratet, 2012-2017, ss. 2, 33).

2.1.1 Kva vil det seie å skrive i norskfaget?

I læreplanen for dei forskjellige faga vert det konkretisert kva det vil seie å skrive i det aktuelle faget. Skrivning i norsk blir definert som:

*Å kunne skrive i norsk er å uttrykkje seg i norskfaglege sjangrar på ein føremålstenleg måte. Det vil seie å kunne skrive teksttypar som er relevante for faget, og å kunne ta i bruk norskfaglege omgrep. Å skrive i norskfaget er òg ein måte å utvikle og strukturere tankar på og ein metode for å lære. **Norskfaget har eit særleg ansvar for at elevane skal utvikle evna til å planleggje, utforme og bearbeide stadig meir komplekse tekstar som er tilpassa føremålet og mottakaren.** Utviklinga av skriftlege ferdigheiter i norskfaget krev systematisk arbeid med formelle skriveferdigheiter, tekstkunnskap og skrivestrategiar. Det inneber å kunne uttrykkje seg stadig språkleg sikrare på både hovudmålet og sidemålet (Utdanningsdirektoratet, 2013, s. 5)*

Trude Kringstad og Trygve Kvithyld (2013) er begge rådgivarar ved Nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning, og dei har studert definisjonsteksten over i analysen deira av kva det vil seie å skrive i norsk . Dei konkluderte med at innhaldet i teksten kan strukturast etter tre punkt (s. 33):

- Å lære skriveprosessen (det som er merkt med feit skrift)
- Å utvikle fagkunnskap gjennom å utvikle skriftlege ferdigheiter (det som er understreka)
- Å beherske norskfaglege sjangrar (det som er merkt med kursiv)

Når det gjeld kva som er norskfaglege sjangrar, blir ikkje dette forklart anna enn at det er: «...teksttypar som er relevante for faget» (Utdanningsdirektoratet, 2013, s. 5), og då er ein kanskje like langt? Dette er også noko Kringstad og Kvithyld (2013, s. 33) kritiserer læreplanen for: «Norskteksten nyttar ein tautologi når den skal svare på kva elevane skal skrive i faget», og viser vidare til at i definisjonsteksten for naturfag blir det eksplisitt skrive kva teksttypar og sjangrar elevane skal skrive i faget. For å få eit meir innblikk i kva som kan karakteriserast som norskfaglege sjangrar, blir det difor nyttig å sjå på kompetansemåla, både før og etter revisjonen i 2013.

2.1.2 Læreplanen før og etter revisjonen

I 2013 blei læreplanen i norsk revidert. Hensikta med revisjonen var å tydeleggjere og styrke arbeidet med lese- og skriveferdigheitene til elevane då evalueringar av Kunnskapsløftet og forskingsprosjekt viste at dei grunnleggjande ferdigheitene ikkje var tilstrekkeleg innarbeida i dei ulike faga (Skrivesenteret, 2013). Læreplanrevisjonen førte blant anna til at tekstomgrepet i læreplanen blei endra der ein gjekk bort i frå å nytte omgrepet *sjanger*. Sjangeromgrepet vart erstatta av omgrepet *teksttypar*:

I engelsk og norsk er endringene til eksamen hovedsakelig knyttet til endret tekstbegrep i læreplanen. Der den tidlige læreplanen omtalte ulike sjangere, omtaler den reviderte læreplanen ulike tekster eller ulike typer tekster. Eksamen er basert på læreplanen, og oppgavene vil derfor ikke be om andre typer tekster enn de som er nevnt i læreplanen. (Utdanningsdirektoratet, 2014, s. 12)

Denne endringa blir til dømes synleggjort i dette kompetansemålet for 10. trinn der det står at eleven skal kunne: «skrive kreative, informative, reflekterende og argumenterende tekster på hovedmål og sidemål med begrunnede synspunkter og tilpasset mottaker, formål og medium»


(Utdanningsdirektoratet, 2013, s. 9). Før revisjonen blei dette kompetansemålet formulert ved å eksplisitt nemne kva sjangrar elevane skulle skrive: «lese og skrive tekster i ulike sjangere, både skjønnlitterære og sakspregede på bokmål og nynorsk: artikkel, diskusjonsinnlegg, formelt brev, novelle, fortelling, dikt, dramatekst og kåseri» (Utdanningsdirektoratet, 2010, s. 9). I den nye formuleringa av kompetansemålet har altså dei nemnde sjangrane blitt bytta ut med skrivehandlingar i staden for, og det blir lagt vekt på formålet med skrivinga. For å finne ut av kva sjangrar som kan vere hensiktsmessige å nytte innanfor dei ulike skrivehandlingane, kan ein nytte *skrivehjulet* (blir nærare forklart i kap. 2.2.1).

2.2 Tidlegare forskning

2.2.1 Normprosjektet og skrivehjulet

Normprosjektet (2012–2016) hadde som mål å: «...utvikle eksplisitte forventningsnormer for skriving og prøve disse ut som grunnlag for skriveopplæring og vurdering» (Skrivesenteret, 2014). Prosjektet tek utgangspunkt i eit funksjonelt syn på skriving der det blir lagt vekt på skrivehandlingar og føremål. Gjennom prosjektet kom det fram at skriveoppgåver legg avgjerande føringar for prestasjonane til elevane. Lærarane som var med i prosjektet brukte skrivehjulet som utgangspunkt for å lage skriveoppgåver (Solheim & Matre, 2014, ss. 77-78, 81).

Skrivehjulet er ein visuell modell utvikla i 2003 av ekspertgruppa som skulle utvikle nasjonale skriveprøvar basert på ei ny forståing av skriving der det var skrivinga si funksjon som blei lagt til grunn. Denne gruppa bestod av Ragnar Thygesen, Lars Sigfred Evensen, Kjell Lars Berge, Wenche Vagle og Rolf Fasting. Modellen har seinare blitt vidareutvikla gjennom Skrivesenteret sitt arbeid med læringsstøttande prøvar i



Figur 2.1. Skrivehjulet

skriving og i Normprosjektet. Slik modellen er no, visualiserer den: «...skrivinga sin funksjon som eit samspel mellom handlingar og formåla deira og kan vere ein nyttig tankemodell for å få ei brei forståing av skriving» (Skrivesenteret, 2013). I Skrivehjulet kan både skrivehandlingsdelen og føremålsdelen dreiest rundt sidan skrivehandlingane kan ha ulike og varierende føremål (Otnes, 2014, s. 239).

I den yteste sirkelen blir det vist seks skrivehandlingar, i tillegg til verb som kan brukast delvis synonymt med skrivehandlingane (Otnes, 2014, s. 239):

- To «du-orienterte» handlingar: overbevise, samhandle.
- Tre «det-orienterte» handlingar: beskrive, utforske og å sjå for seg.
- Ei «eg-orientert» handling: reflektere.

Døme på type tekstar knytt til dei ulike skrivehandlingane (Normprosjektet, 2012–2013; Skrivesenteret, 2017):

SKRIVEHANDLING	TYPE TEKSTAR
Å SAMHANDLE	brev, postkort, tekstmelding og andre typar meldingar, «chat», kommentarar på t.d. blogg
Å REFLEKTERE	logg, essay, dagbok, sjølvpresenterande skjønnlitteratur, blogg
Å BESKRIVE	lærebøker, leksikonartiklar
Å UTFORSKE	fagartiklar/fagtekstar, presentasjon av prosjekt, utforskande saktekstar
Å SJÅ FOR SEG	forteljing, romanar, noveller, poesi, sakprosa: t.d. politiske tekstar og utopiar som seier noko om korleis me vil verda bør/skal vera, eller tekstar som presenterer hypotesar og nye teoriar
Å OVERTYDE	reklame, politisk brosjyre, lesarinnlegg, debattartikkel

Hildegunn Otnes, ein av forskarane som var med på Normprosjektet, har blant anna skrive ein artikkel der ho analyserer og diskuterer utfordringar lærarar i Normprosjektet møtte då dei skulle lage gode oppgåvedesign. Ho skriv at Skrivehjulet utgjorde ein viktig bakgrunn for desse lærarane i arbeidet deira med å designe oppgåver då rammene var å knyte oppgåvene til spesifikke skrivehandlingar. I tillegg skulle oppgåvene gi tydelege skriveoppdrag ved å, der det var naturleg, presisere formålet med og mottakaren av teksten. Skriveoppgåvene var sjeldan tekstbaserte eller med omfattande tekstuelle innrammingar, og sjølve oppgåveformuleringa var ofte kort med berre ei setning, av og til to eller tre setningar (Otnes, 2014, ss. 238, 240).

Anne Holten Kvistad og Jorun Smemo (2015, s. 221), som òg har bidrege i Normprosjektet, har gjort ein studie av skriveoppgåver som førte til høgt vurderte elevtekstar. Dei skriv at dersom elevane skal kunne forstå kva som blir forventa av dei, er det viktig at den som utformar oppgåvene må kunne: «...formulere et klart og tydelig skriveoppdrag om hva som skal gjøres, og hvorfor...» (2015, s. 222). I studien til Otnes (2014, s. 251–253) kom det fram at utydelege skriveoppdrag gjorde det vanskeleg å vurdere elevtekstane, men det å lage presise oppgåveformuleringar var ei av utfordringane lærarane i

Normprosjektet møtte: «Utfordringene med oppgavedesign skyldtes delvis at vi hadde introdusert nye aspekt som lærerne skulle integrere i oppgavene, blant annet skrivehandling, men det handlet like mye om presisjonsnivå og konsistens generelt» (Otnes, 2014, s. 242). Otnes skriv vidare at oppgåver som blir rekna som upresise, er:

- a) Oppgåver som manglar eit tydeleg skriveoppdrag
- b) Oppgåver der formuleringa inviterer til ei anna skrivehandling enn det som er tenk
- c) Oppgåver som gir fleire skriveoppdrag der det anten er uklart kva som er hovudskrivehandlinga eller at dei ulike oppdraga peikar i forskjellige retningar

Det første punktet seier at oppgåver som manglar eit tydeleg skriveoppdrag er upresise oppgåver. At ei oppgåve manglar skriveoppdrag, vil seie at det ikkje er presisert at det skal skrivast eller korleis det skal skrivast. I oppgåvene som mangla skriveoppdrag er oppgåveformuleringa ofte eitt eller fleire spørsmål (1), eit imperativ (2) eller berre eit ord eller ein frase (3) (Otnes, 2014, ss. 244-245):

1. Hva er stjeling?
2. Intervju en voksen person om yrket han/hun har.
3. Vennskap.

Når det gjeld punkt b, formuleringar som inviterer til andre skrivehandlingar enn det som er tenkt, var det særleg valet av verb som var avgjerdande. Slik som i denne oppgåva der læraren har planlagt ei utforskande oppgåve, men som heller peikar meir mot ei overbevisande skrivehandling sidan det blir invitert til ein argumentasjon der eleven skal meine noko og grunngi dette (Otnes, 2014, ss. 245-246):

Skriv hvilke regler du mener vi trenger på skolen, og begrunn hvorfor.

Det siste punktet, skriveoppdrag som peikar i ulike retningar, eller uklarheit om kva som er den sentrale skrivehandlinga, vart ofte funne i oppgåver med mange hjelpespørsmål. Som i denne oppgåva der verbet i siste setning inviterer til ei forteljing, medan spørsmåla inviterer til refleksjon (Otnes, 2014, s. 246):

Hva er det å være misunnelig? Har du noen gang vært misunnelig? Fortell om det.

Otnes (2014, s. 246) konkluderer med at hjelpespørsmål kan hjelpe svake skrivarar å komme i gang, men kan virke styrande og føre til ein fragmentert tekst som svar på spørsmåla. Funna til Kvistad og

Smemo tyda også på at dei svake skivarane dreg nytte av klare rammer og tydelege føringar for blant anna innhald, tekstopbygging og språkbruk. Samstundes presiserer dei at dette kan føre til nokolunde like elevsvar, og at denne typen oppgaver ikkje gir nok utfordringar til dei sterkare skivarane (2015, s. 239).

I Normprosjektet skulle også lærarane nemne mottakar i oppgåvetekstane, men dette mangla i ein god del av oppgåvene. I dei oppgåvene det ikkje blei nemnt mottakar, blei det ofte nemnt publiseringskanal (som t.d. lærebok eller lokalavis) i staden for (Otnes, 2014, s. 250). Otnes presiserer at i nokre av oppgåvene hadde det: «...vært enkelt å nevne en mottakerinstans, mens man i andre tilfeller kan se at det ville blitt for påtatt og kunstig å presse inn en mottaker» (s. 250). Med andre ord er det opp til den som designar oppgåvene om det er relevant å nemne kven mottakaren er, eller om det ikkje trengs.

I studien til Kvistad og Smemo (2015) konkluderte dei med at ein må finne ein balanse mellom kor detaljerte og frie oppgåvetekstane skal vere. Dei viser også til ein studie frå NAEP (The National Assessment of Educational Progress), eit nasjonalt program som blant anna måler amerikanske elevar sine skriveferdigheiter, som meiner at: «...de aller beste tekstene var resultat av oppgaver som tilbød en viss valgfrihet med tanke på tema, form og mottaker for teksten» (s. 240). Som skrive i førre avsnitt, er det opp til oppgavedesignaren å vurdere om det er relevant å nemne kven mottakaren er. Når det gjeld kontekst og skrivesituasjonar, konkluderer Otnes (2014) med at ein også her må vurdere kva ein skal gjere: «Oppgavedesignere må spørre seg når det er hensiktsmessig å legge til rette for autentiske skrivesituasjoner, og når det er formålstjenlig å lage konstruerte kontekster» (s. 250).


Otnes (2014, s. 250) skil mellom tre typar skrivesituasjonar og mottakarar: autentiske, verkelegheitsnære og fiktive. Autentiske skrivesituasjonar og mottakarar vil seie at teksten faktisk skal lesast av den nemnte mottakaren. Nokre av lærarane i prosjektet fekk til autentiske skrivesituasjonar, og dei gav tilbakemelding om at dette var særskilt motiverande for elevane (Otnes, 2014, s. 248). I oppgåvetekstar som er verkelegheitsnære står det ofte at ein skal «late som»: «Tenk deg at det kjem ein ny elev i klassen (...) skriv ein faktatekst der du lærer den nye eleven om islam» (Otnes, 2014, s. 249). Den tredje mottakarinstansen, fiktiv, blei oftast brukt i høve skrivehandlinga *å sjå føre seg*. Otnes (2014) konkluderer med at: «Oppgavedesignere må spørre seg når det er hensiktsmessig å legge til rette for autentiske skrivesituasjoner, og når det er formålstjenlig å lage konstruerte kontekster» (s. 250).

2.2.2 SKRIV–prosjektet

Skriving som grunnleggende ferdighet og utfordring (SKRIV) var eit fireårig skriveforskningsprosjekt (2006–2010), der Jon Smidt var prosjektleiar, som hadde som mål å: «...finne ut hva slags kunnskap om tekst og skriving lærere og førskolelærere trenger for å kunne støtte barns og unges utvikling av skrivekompetanse og faglig kompetanse i ulike fag» (Smidt, 2010, s. 7). SKRIV–forskarane observerte og analyserte skriving frå siste året i barnehage til første året på vidaregåande skule. Prosjektet kom fram til at det er behov for å legge større vekt på formålet og bruken av skrivinga: «...vi har i prosjektet sett betydningen av at lærere og elever vet hva skrivingen skal brukes til, og at tekstene som produseres, blir fulgt opp og brukt til noe» (Smidt, 2010, ss. 30-31). Bakgrunnen for prosjektet var at «å kunne uttrykke seg skriftleg» var ein grunnleggande ferdigheit som vart innført med læreplanverket for Kunnskapsløftet frå 2006. Dette kravde difor at alle lærarar, uansett fag, skal ha kunnskap om skriving for ulike føremål og i sitt eige fag (Smidt, Solheim, & Aasen, 2011, s. 12).

Prosjektet hadde blant anna eit mål om å gi lærarane noko dei kan bruke i arbeidet med å hjelpe elevane til å utvikle skriving. På bakgrunn av erfaringane forskarane gjorde, formulerte dei ti tesar om skriveopplæring i alle fag (Smidt, Solheim, & Aasen, 2011, s. 13):

Det første punktet betyr at ein må reflektere over kva skriveføremål elevane får trening i på skulen. Smidt et al. (2011, s. 14, 17) viser til at skrivehjulet er eit godt verktøy å nytte i dette arbeidet for å få ein oversikt over kva skriveføremål elevane har fått prøvd ut. Gjennom SKRIV–prosjektet kom det fram at kva som er føremålet med skrivinga har fått lite merksemd i skulen, og at dette difor er eit punkt lærarar og

- 
- SKRIVs TI TESER OM SKRIVEOPPLÆRING I ALLE FAG**
1. Diskuter formålet med skrivearbeidet.
 2. Bygg språklige «fagrom».
 3. Diskuter vurderingskriterier for både innhold, form og bruk ut fra formålet med skrivingen.
 4. Ta opp møtet mellom andres tekster og egen tekst.
 5. Arbeid med sjanger i alle fag.
 6. Gi konkret hjelp og støtte under planlegging og underveis i skriveprosessen.
 7. Gi presis og konkret respons/vurdering underveis og etter fullført arbeid.
 8. Fullfør skrivearbeidene.
 9. Snakk om og med tekstene.
 10. Sett tekster i bevegelse.

Figur 2.2. Ti teser om skriveopplæring

elevar bør arbeide meir med. Dersom ein er medviten om kva føremålet med skrivinga er, vil ein også bli meir medviten om innhaldet og forma til teksten. I praksis kan difor lærarar: «Enten (...) definere formålet med teksten tydelig og klart fort elevane og diskutere med dem hva denne hensikten og mottakerne krever. Eller, dersom elevane får råderett over tema– og/eller sjangervalg (...) bør læreren

stille det sentrale responsspørsmålet: 'Hva vil du med teksten din?'» (Smidt, Solheim, & Aasen, 2011, s. 18).

Punkt nummer to handlar om at dei ulike faglærarane kjenner sine egne fag best og difor veit kva som karakteriserer god skrivning innanfor sine fag. Difor meiner SKRIV-forskarane at det er viktig at også allmennlærarane og faglærarane, i tillegg til norsklærarane, er med i diskusjonane om skrivning og tekstar då dei kan bidra med kva som er dei ulike faga sine føremål, fagspråk, og karakteristiske skrivehandlingar og teksttypar. Etter innføringa av Kunnskapsløftet av 2006 blei, som nemnt tidlegare, alle lærarane skrivelærarar, og difor er det viktig at alle lærarane er medvitne om faget sin eigenart (Smidt, Solheim, & Aasen, 2011, ss. 18-19, 21).

Tanken bak punkt tre er at vurdering og vurderingskriterie bør vere ein del av læringsprosessen, og at lærarar difor må reflektere over: «...hva som regnes som fagets innhold, form og formål, altså hva en skal lære i faget, hvordan en uttrykker seg om dette, og hva faget egentlig er til for» (Smidt, Solheim, & Aasen, 2011, s. 21). Det er viktig at ein som lærar reflekterer over dette slik at ein har tilstrekkeleg kunnskap og omgrep om språk for å kunne hjelpe elevane til tekstbevisstheit. Gjennom SKRIV-prosjektet kom det fram at lærarane kjende igjen gode tekstar i undervisningsfaga sine, men at dei sjeldan gjorde elevane medvitne om kva som kjenneteiknar tekstane som blir karakterisert som gode, og i endå mindre grad gav elevane hjelp med å skrive ut i frå desse kjenneteikna (Smidt, Solheim, & Aasen, 2011, ss. 22-23).

Det fjerde punktet omhandlar kjeldebruk og rekontekstualisering, og handlar om korleis ein skal forholde seg til andre sine tekstar. Dette er eit tema som blir understreka fleire plassar i Kunnskapsløftet, og syner såleis at lærarane har ei viktig oppgåve med å hjelpe elevane til å vere kjeldekritiske, og til å kunne nytte seg av relevante kjelder som tener deira føremål (Smidt, Solheim, & Aasen, 2011, s. 24). Smidt et al. (2011) understrekar viktigheita til skrivetrekanten i dette arbeidet: «Bare når man vet hva man holder på med – hvilket tema som er i fokus, hvilket formål teksten skal ha – kan man avgjøre hva som er interessant og relevant å ta med i egen tekst av alt det en finner» (s. 25).

Tradisjonelt har sjanger for mange vore noko som har med form å gjere, men sjanger handlar like mykje om innhald og bruk; ein vel sjanger etter kva ein vil skrive om, og til kven, og såleis blir det samanhengen og føremålet som skapar sjangeren. Dette betyr at lærarane i sjangerundervisninga ikkje berre kan fokusere på form, men også på innhald og føremål (Smidt, Solheim, & Aasen, 2011, s. 27).

Den sjette tesen handlar om at alle elevane skal få skikkeleg hjelp og støtte, og difor er det viktig å veksle mellom forskjellige arbeidsmåtar. Som til dømes instruksjonar og igangsetjingsøvingar i storgruppe, elevrespons og oppfølging av enkeltelevar. Kva hjelp elevane treng for å komme i gang med skrivinga er avhengig av formålet med skrivinga, og sjangeren (Smidt, Solheim, & Aasen, 2011, ss. 28, 30).

Neste tese handlar om at elevane må få relevante, presise og konkrete tilbakemeldingar som fører til læring, både undervegs og etter skriveprosessen. Då er det også viktig at ein snakkar om vurderingskriteria i lag med elevane slik at dei veit kva dei blir vurdert etter og kva dei får tilbakemelding på (Smidt, Solheim, & Aasen, 2011, ss. 31-32).

Smidt et al. (2011) føreslår at å ha færre skrivearbeid som *blir fullført, lest og vurdert*, kanskje hadde vore meir gunstig i forhold til å ha mange mindre skrivearbeid som ikkje blir fullført – for ingen lærar har kapasitet til å følge opp alt arbeidet like grundig heile tida (s. 32).


Punkt ni handlar om å utvikle elevane sitt metaspråklege medvit slik at dei kan vurdere, analysere og diskutere sine egne og andre sine tekstar (Smidt, Solheim, & Aasen, 2011, s. 33).

Den siste tesen tek for seg viktigheita av at tekstane elevane skriv blir sett på som viktige og interessante. Dette kan gjerast ved å til dømes diskutere tekstane, publisere dei, gi dei eit publikum og liknande (Smidt, Solheim, & Aasen, 2011, s. 34).

2.3 Triadisk perspektiv på skriving og skrivetrekanten

I SKRIV-studiane går det triadiske perspektivet på skriving igjen som ein raud tråd (Smidt, 2010, s. 30). Sigmund Ongstad (2004) skriv at eit triadisk perspektiv: «...baserer seg på en gjensidig balanse mellom syntaks, semantikk og pragmatikk. Og for å kunne ytre, det vil si kommunisere, må en gi ytringen en form, et innhold og en funksjon» (s. 94). Her viser syntaks til form, semantikk til innhald og pragmatikk til bruk, og Ongstad nemner vidare at: «...de tre aspektene alltid vil være innbyrdes avhengige av hverandre» (s. 101), og at ein bør framstille aspekta i trekantar eller pyramider som understrekar at *alle* aspekta står i forhold til kvarandre. Med andre ord, det må vere ein relasjon mellom form, innhald og bruk for å kunne gi kommunikativ mening. SKRIV-prosjektet utvikla modellen *skrivetrekanten*, inspirert av triaden til Ongstad, for å kunne analysere ytringar og skrivesituasjonar i skulen. Modellen viser tre aspekt ved ei ytring (Utdanningsdirektoratet, 2014):

- Føremål
- Innhald
- Form



Figur 2.3: Skrivetrekanter

Føremål handlar om kven som er mottakar av teksten og kva teksten skal brukast til. I skulen er det som oftast læraren som er mottakaren, men av og til kan det vere hensiktsmessig å bruke andre mottakarar. Til dømes får læraren ei dobbeltrolle som mottakar av teksten og ekspert på innhaldet i teksten dersom elevane skal skrive om eit tema læraren er ekspert på, noko som kan virke lite motiverande for elevane (Skrivesenteret, 2013).

Innhaldet til teksten har samanheng med formålet for teksten. Mottakaren av teksten, kva teksten skal brukast til og kvifor eleven skriv den er styrande for innhaldet. Det er viktig at elevane får ei tydeleg og avgrensa oppgåve for å kunne skrive ein god tekst (Skrivesenteret, 2013). Dette var også noko som blei trekt fram i normprosjektet (sjå kap. 2.2.1). I tillegg må elevane få hjelp til å aktivere tidlegare kunnskap og tileigne seg ny kunnskap for å få eit relevant innhald (jamfør tese fire og seks frå SKRIV-prosjektet) (Skrivesenteret, 2013).

Forma til teksten står i eit samspel med formålet og innhaldet til teksten (Skrivesenteret, 2013), då forma til teksten blir bestemt av kommunikasjonssituasjonen teksten inngår i (Kvithyld, Kringstad, & Melby, 2014, s. 15). For at elevane skal vite kva sjanger som er mest føremålstenleg, må elevane sjølvstøtt ha kunnskap om ulike sjangrar. Difor er det blant anna viktig at lærarane i lag med elevane bruker tid på å diskutere ulike tekstar, og viser eksempeltekstar (Skrivesenteret, 2013).

2.4 Design av skriveoppgåver

Traci Gardner har blant anna skrive boka *Designing Writing Assignments* der ho forklarar korleis lærarar kan utvikle skriveoppgåver som opnar opp for at elevar kan ta i bruk kreativiteten sin samstundes som dei utviklar seg som skrivjarar og tileignar seg kunnskap. I boka understrekar Gardner (2008) at det er viktig å hugse på at: «...the hardest thing about designing assignments is to remember that I am writing about writing» (s. 35). Med dette i mente, forklarar ho at det første ein må gjere når ein skal designe ei skriveoppgåve er å tenke over kva som er målet med oppgåva, og kven som er mottakarane, akkurat same tankegangen som når ein skal skrive ein lengre tekst. Først etter at ein har tenkt over desse momenta kan ein fokusere på kva elevane skal skrive. Ofte kan det kanskje vere slik

at ein begynner med å bestemme kva elevane skal skrive, men Gardner meiner at dette bør vere avhenging av kven elevane er: «The details of the assignment depend upon my audience – the students I teach – rather than the end product I want them to compose» (s. 35). Med dette meiner ho at oppgåva må vere designa slik at alle elevane har moglegheit til å svare på ho, uansett om ein er ein svak eller sterk skrivar. Dette er også noko Iris Hansson Myran (2012, s. 21), som er rådgivar ved Nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning, trekker fram som eit viktig kjenneteikn for ei god skriveopplæring. Her kan ein også trekke parallellar til SKRIV-prosjektet si niande tese som handlar om det metaspråklege medvitet til elevane (sjå kap. 2.2.2); skriveoppgåvene må vere tilpassa elevane slik at dei har tilstrekkeleg evne til å forstå kva oppgåva spør etter for deretter å kunne formulere eit svar.

Når det gjeld kjenneteikn på kva som blir sett på som gode skriveoppgåver, har Dagrun Skjelbred, professor i tekstvitenskap, og Eva Maagerø, professor i norsk, utvikla fem punkt på bakgrunn av lærebokanalyser dei har gjort i norsk, naturfag og samfunnsfag (Skrivesenteret, 2015):

- Oppgåvene bør ha eit klart føremål og ein definert mottakar
- Oppgåvene bør brukast både til «å lære å skrive» og «å skrive for å lære»
- Oppgåvene bør invitere til å skrive i sjangrar som har status i faget
- Oppgåvene bør oppfordre til å nytte ulike modalitetar som blir nytta i faget
- Oppgåvene bør invitere til å bruke eit fagspesifikt språk

For å lage meningsfulle og motiverande skriveoppgåver er det viktig at læraren tenker i gjennom kva som er føremålet med skriveoppgåvene. I skulen er som oftast føremålet at elevane skal bli betre skrivarar eller at dei skal vise kva dei har lært, men dette gir ikkje ei tydeleg retning for skrivinga. Tekstar som blir skrivne utanom skulesamanheng har som oftast eit føremål der ein ønsker å kommunisere noko til nokon eller til seg sjølv. Til dømes å få bygd ein ballbinge i nærområdet eller å hugse kva ein skal handle (Kvithyld, Kringstad, & Melby, 2014, s. 14). For å gjere skriveoppgåvene meir motiverande for elevane må lærarane prøve å skape liknande skrivesituasjonar i klasserommet (Otnes, 2013, s. 203).

I kapittel 2.1 skreiv eg at skriving i *Rammeverk for grunnleggjende ferdigheter* blir forstått på to måtar; som uttrykk og som reiskap. Skjelbred og Maagerø opererer med omgrepa «å lære å skrive» og «å skrive for å lære». Skriveforskarane Olga Dysthe, Frøydis Hertzberg og Torlaug Løkensgard (2010) kallar dette for presentasjonsskriving og tenkeskriving. Desse to måtane kan seiast å vere hovudfunksjonane

til skriveoppgåvene i skulen (Iversen & Otnes, 2016, s. 40). Presentasjonsskriving vil seie at det blir sett krav til teksten med tanke på innhald, form og føremål, og at teksten skal skrivast til ein mottakar (Håland, 2016, s. 21). Elevane må difor ta i bruk den kunnskapen dei har om språk og kommunikasjon for å klare å skrive ein god tekst som er relevant og som kommuniserer godt med mottakarane. I tenkeskriving er føremålet at elevane skal bruke skivinga i ein læringsprosess der mottakaren er eleven sjølv. Dette kan til dømes vere å reflektere over eigenutvikling (Iversen & Otnes, 2016, s. 41). Tenkeskriving set få krav til korleis teksten skal utformast (Håland, 2016, s. 21).

Dei tre siste kjenneteikna til Skjelbred og Maagerø handlar om at kvart fag har sine tradisjonar og sin eigenart med fagspesifikke sjangrar, modalitetar og språk. Dei påpeikar at elevane først blir aktive deltakarar i tekstkulturen til faga når elevane både kan lese og sjølv skape tekstar i desse ulike kulturane (Skrivesenteret, 2012). Dette er også eit punkt som blir trekt fram av Kringstad og Kvithyld i artikkelen deira *Fem prinsipp for god skriveopplæring* (2013). Dei skriv at: «Å lære seg et fag betyr å lære å uttrykke seg på fagets premisser» (s. 72). Dette viser viktigheita av at skriveopplæring er noko som blir gjennomført i alle fag, ikkje berre i norskfaget, slik at elevane blir kjende med kva som karakteriserer dei ulike faga sine teksttypar og skrivemåtar.

2. 5 Oppsummering

Kort oppsummert viser teori og forskning (Kvistad og Smemo, 2015; Otnes, 2014; Skrivesenteret, 2015 [Skjelbred og Maagerø]; Smidt, Solheim, & Aasen, 2011) at dei følgjande punkta kan reknast som kjenneteikn på gode skriveoppgåver (nærare definering av desse omgrepa finn stad i analysekapittelet):

- Skriveoppdrag: Presisere at det skal skrivast, og kva som skal skrivast
- Mottakar og publiseringskanal/medium: Designar må vurdere om det er relevant
- Føremål: Gir ei tydeleg retning for skivinga
- Kontekst

3 Metode

Metode kjem av det greske ordet *methodos* som tyder «...å følge en bestemt vei mot et mål» (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 16). Pedagogikk er ein fagdisiplin som ligg under samlenemninga samfunnsvitskap (Larsen, 2012, s. 17), og difor bruker ein samfunnsvitskaplege

forskingmetodar når ein skal forske på det som skjer i skulen (Christoffersen & Johannessen, 2012). Ein skil som oftast mellom to hovudgrupper av metode, og kva type data ein innhentar heng ilag med kva metode ein vel å bruke. Dei to hovudgruppene av metode er kvalitativ og kvantitativ (Larsen, 2012, s. 21). I dette kapitlet vil eg forklare kva metode som eignar seg best for å svare på problemstillinga mi, og kva vurderingar eg har gjort i forhold til validitet og reliabilitet. Eg vil også beskrive korleis eg har samla inn og behandla datamaterialet.

3.1 Kvalitativ metode

For å belyse problemstillinga mi på best mogleg måte har eg valt å nytte ein kvalitativ metode. Kvalitativ metode handlar om å hente inn informasjon om verkelegheita gjennom ord eller språk (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 89), og å få meir djupneinnsikt i ulike fenomen (Krumsvik, 2019, s. 19). Eg valte denne metoden fordi eg hadde eit ønske om å gå i djupna på nokre få oppgåvetekstar, og for å analysere innhaldet i nokre av eksamensrettleiingane i norsk. Kvalitativ metode blir i første rekke knytt til empiri frå observasjonar og intervju der målet er å undersøke ei bestemt gruppe sine individuelle opplevingar innanfor ein gitt kontekst, men ulike former for skriftleg materiale kan også undersøkast ved hjelp av denne metoden (Befring, 2015, s. 38–39). I denne oppgåva har eg valt å berre studere dokument, sjølv om eg har vore inno tanken på om intervju kunne ha vore aktuelt. Det hadde til dømes vore interessant å finne ut kva tanken bak dei ulike oppgåvedesigna var, og/eller samtale med lærarane om funna i etterkant av analysen, men dette var ikkje ein del av problemstillinga for denne studien, så difor valte eg å berre bruke tekstanalyse.

Eit av kjenneteikna til den kvalitative metoden er at: «...ein går tidvis bak 'vedtekne sanningar' og prøver å finne ut om det er samsvar mellom formulerings- og realiseringsarenaene» (Lindensjö & Lundgren, 2000 referert i Krumsvik, 2019, s. 16). I oppgåva mi ønsker eg å finne ut om det er samsvar mellom det som står i eksamensrettleiingane om oppgåvedesign og om eksamensoppgåvene blir utforma slik. I tillegg vil eg sjå på korleis skriveoppgåvene lærarane nyttar samsvarar med dette.

3.2 Tekstanalyse

Tekstanalyse handlar om å: «välja ut och förhålla sig till olika typer av texter och deras innehåll och skapa kunnskap om texternas innebörder utifrån ett väl avgränsat undersökningsproblem» (Widén, 2015, s. 178). Tolkingsstradisjonen innanfor kvalitativ tekstanalyse er hermeneutikken (Gadamer, 2012 referert i Postholm og Jacobsen, 2018, s. 163; Krumsvik, 2019, s. 155), som handlar om å lese, forstå og skape meining ut i frå tekstar. Kvalitativ innhaldsanalyse er ein systematisk gjennomgang av dokument der ein vel ut relevant informasjon for problemstillinga, kategoriserer innhaldet (Grønmo,

2004, s. 187), og studerer desse kategoriane nærare (Krumsvik, 2019, s. 186). Denne prosessen kan inndelast i tre analytiske dimensjonar. I den første dimensjonen analyserer ein forfattaren og kva han vil seie med teksten (Hellspong & Ledin, 1997, s. 221; Widén, 2015, ss. 178–179). Som til dømes kva verdiar og førestillingar forfattaren uttrykkjer. Den andre dimensjonen fokuserer på forma og innhaldet til teksten (Widén, 2015, s. 178), medan den siste dimensjonen handlar om å analysere teksten for å få ei betre forståing av emnet, spørsmålet eller saka teksten tek opp (Hellspong & Ledin, 1997, s. 223). Analysearbeidet i denne oppgåva byggjer både på den andre og den tredje dimensjonen. I analysen av oppgåvetekstane er det sjølve teksten og språket som er utgangspunkt for analyse, medan i analysen av eksamensrettleiingane er målet å finne ut kva det blir skrive om oppgåvedesign.

3.2.1 Fordeler og ulemper med tekstanalyse

Ein av fordelane med å bruke tekstanalyse er at kjeldene ikkje blir påverka av datainnsamlinga og analysen. Sjølv om tekstane blir analysert, er dei fortsatt dei same. Dei endrar seg ikkje. Dette er til dømes noko som kan oppstå i ein intervjusituasjon; ein kan oppleve at informantane gir svar som ein trur forskaren er ute etter i staden for å vere heilt ærlige om situasjonen (Grønmo, 2004, s. 192).

Ei ulempe med tekstanalyse er at perspektivet mitt som forskar kan ha påverka både tekstutvalet og tolkingane av dei. Dette vil seie at eg kan ha gått glipp av tekstar som hadde vore relevant for denne studien, i tillegg til at eg kan gå glipp av interessante tolkingsmoglegheiter (Grønmo, 2004, s. 192).

3.2.2 Val av dokument

Grønmo (2004, s. 190) seier at forskaren må vere kritisk i arbeidet med å velje dokument. Forskaren må vurdere truverdigheita til dokumenta, samstundes som ein må vere medviten om bakgrunnen til tekstane og grunnen til at dei blei skrivne. Utgangspunktet mitt for val av dokument var dokument som på ein best mogleg måte kunne svare på problemstillinga, altså eit hensiktsmessig utval (Krumsvik, 2019, s. 159). Datamaterialet mitt består av tre typar dokument: eksamensrettleiingar, eksamensoppgåver og skriveoppgåver frå tentamen og skrivedagar. Grønmo (2004, s. 187) poengterer at dokumentutval kan skje delvis under datainnsamlinga. Opphavleg var det berre dei to siste dokumenttypane eg hadde som datamateriale, men sidan det var vanskeleg å få tak i oppgåvetekstar frå lærarar, måtte eg vurdere å supplere med andre dokument. Difor oppdaga eg etter kvart at eksamensrettleiingane virka relevant å undersøkje i høve problemstillinga.

Bakgrunnen for at eg valde desse tre dokumenttypane, var at eg kunne analysere på tre nivå:

ANALYSE AV DATAMATERIALE

KVA VIL EG FINNE UT?

Trinn 1: Eksamensrettleiingane	Kva tenkjer styresmaktene om design av skriveoppgåver? Korleis har det endra seg? Er det i tråd med funn frå aktuell forskning og teori?
Trinn 2: Eksamensoppgåvene	Korleis samsvarar designet til eksamensoppgåvene med funn frå trinn 1?
Trinn 3: Skriveoppgåver frå skular brukt til tentamen og skrivedagar	Korleis er praksisen i skulen? Kva oppgåver blir gitt? Korleis samsvarar utforminga av desse oppgåvene med funn frå trinn 1? Er det store ulikskapar og/eller likskapar mellom eksamensoppgåvene og oppgåvene lærarane bruker?

3.2.3 Dokumentinnsamling

Når det gjeld sjølve innsamlinga av dei ulike dokumenta, hadde eg nokre kriterium (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 51). Med læreplanrevisjonen i norsk i mente, var eg interessert i å få tak i skriveoppgåver, eksamensoppgåver og eksamensrettleiinga frå 2013, før revisjonen. Samstundes ville eg ha skriveoppgåver, eksamensoppgåver og eksamensrettleiingar etter 2013 for å sjå på eventuelle endringar. I grunnskulen blir eksamen i norsk gjennomført i 10. klasse, og difor var det eit kriterium at skriveoppgåvene frå lærarane måtte vere frå tentamen og skrivedagar for 10. trinn for å skape eit mest mogleg homogent utval (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 50). Kort oppsummert var kriteria at:

- Skriveoppgåver gitt til tentamen og skrivedagar, eksamensoppgåver og eksamensrettleiingar måtte vere både frå 2013 og etter 2013
- Skriveoppgåvene som blei gitt til tentamen og skrivedagar, og eksamensoppgåvene måtte vere for 10. trinn

Både eksamensrettleiingane og eksamensoppgåvene fann eg på Utdanningsdirektoratet sine sider. For å få tak i skriveoppgåver frå lærarar, sende eg e-post til rektorar ved ulike skular. Rektor vidaresendte e-posten til lærarar dersom det var aktuelt. Som nemnt før, var det vanskeleg å få tak i skriveoppgåver som lærarane sjølve hadde utforma. Svaret eg fekk, var at mange brukte tidlegare eksamensoppgåver. Dette vil eg diskutere meir seinare.

3.3 Reliabilitet og validitet

Rune Johan Krumsvik (2019) skriv at validitet: «Enkelt sagt handlar (...) om ein har undersøkt det som ein hadde til hensikt å undersøkje» (s. 191). Validitet handlar om kor *gyldig* datamaterialet er for problemstillinga (Grønmo, 2004, s. 221). Reliabilitet, derimot, handlar om kor *påliteleg* datamaterialet er (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 23). Pålitelegheita til datamaterialet er avhengig av korleis:

«...undersøkelsesopplegget er utformet, og hvordan datainnsamlingen blir gjennomført (Grønmo, 2004, s. 221). Reliabilitet og validitet heng tett saman. Dette betyr at datamaterialet i første omgang må gjennomgå ei grundig kvalitetssikring for å sikre reliabiliteten, for at det i neste omgang skal kunne vere relevant for problemstillinga (Grønmo, 2004, s. 221; Krumsvik, 2019, s. 191, 193). I rolla som forskar er det viktig at eg har ei medviten tilnærming til forskingsprosessen. Difor vil eg vise ei kritisk refleksjon rundt dei vala eg har gjort i undersøkinga mi, og korleis desse vala har påverka studien.

3.3.1 Reliabilitet

Reliabilitet handlar blant anna om at ein skal kunne utføre dei same stega i ein studie og få det same resultatet (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 23), sjølv om Sigmund Grønmo (2004, s. 220, 228) trekker fram at dette ikkje alltid er tilfellet når ein samlar inn kvalitative data. Grønmo grunngir dette med at datainnsamlinga og framgangsmåten for innsamlinga er avhengig av når den er blitt gjennomført, og av kven. Likevel har eg prøvd å styrke reliabiliteten til denne studien ved å gjere framgangsmåten min så transparent som mogleg. Eg har definert forskjellige omgrep, og forklart dei ulike kategoriane i analyseskjemaet. For å sikre at forskinga er påliteleg, har eg også gått igjennom datamaterialet fleire gonger for å avklare stabilitet i skildringane mine. Dette har eg gjort for å sjå om det er samsvar mellom beskrivingane mine på dei ulike tidspunkta (Grønmo, 2004, s. 229).

3.3.2 Validitet

Validitet handlar blant anna om funna har overføringsverdi (Krumsvik, 2019, s. 192) – om funna kan generalisere. Resultata frå studien kan ikkje bli sett på som ei generalisering, men heller som ein peikepinn på graden av samsvar eller avvik mellom retningslinjer (eksamensrettleiingane) og praksis (eksamensoppgåvene og skriveoppgåvene frå skulane). Samtidig er det viktig å presisere at funna mine ikkje er representative for kva alle lærarane gjer til tentamen og skivedagar, men viser heller nokre tendensar om kva slags oppgåver som blir brukt.

Generalisering innanfor kvalitativ metode handlar blant anna om: «Andre interesserte eller forskarar som les det ein har skrive og analysert, kan kjenne seg att i det som er funna i materialet...» (Krumsvik, 2019, s. 201). Dette blir kalla *lesargeneralisering*. I mitt tilfelle, kan til dømes eventuelle lærarar som les studien identifisere seg med det eg skildrar, og kanskje bli påverka til å reflektere over eigen praksis.

I kva grad forskingsdesignet og metoden svarar på problemstillinga, påverkar validiteten (Krumsvik, 2019, s. 196). I studien min har eg valt å berre nytte dokumentanalyse. Eg har vore open for å bruke

intervju i tillegg, men etter nøye vurderingar kom eg fram til at det ikkje var naudsynt å supplere med intervju for å få nok datamateriale til å svare på problemstillinga.

Mi erfaring som forskar kan også påverke validiteten (Krumsvik, 2019, s. 197). Dei erfaringane og den kunnskapen eg har, vil til ei viss grad påverke oppfatningane mine. Difor siterer eg frå skriveoppgåvene og eksamensrettleiingane for å sikre eit truverdig resultat. Eg har også knytt funna til teori, i dette tilfelle om skriveopplæring og oppgåvedesign, for å sikre at funne mine er gyldige (Krumsvik, 2019, s. 196).

4. Analyse

Analyse av datamaterialet handlar om å sjå etter likskapar, eller ulikskapar, og samanhengar (Larsen, 2012, s. 98). I motsetnad til kvantitative data, fins det ikkje noko standardiserte analyseteknikkar for kvalitative data (Grønmo, 2004, s. 245). I dette kapitlet vil eg vise korleis eg har analysert datamaterialet og presentere funna. Først vil eg forklare korleis eg har analysert skriveoppgåvene som er samla inn frå lærarane, og eksamensoppgåvene, og vise funna dette datamaterialet gav. Deretter vil eg forklare framgangsmåten for analysen av eksamensrettleiingane, og presentere funna eg gjorde her.

4.1 Analyse av eksamensrettleiingane

I analysen av skriveoppgåvene laga eg først ein tabell for å få eit overblikk over oppgåvene. Det same gjorde eg i analysen av eksamensrettleiingane. Eg tok utgangspunkt i den same tabellen, men med nokre endringar. I tabellen ville eg få ei oversikt over kva kapittel som handla om sjølve eksamensoppgåvene. Difor skreiv eg ned namna på desse kapitla, kor mange setningar dei bestod av og kva modalitet som blei nytta. I tillegg ville eg finne ut om det blei skrive noko generelt eller meir overordna om eksamensoppgåvene, difor tilføyde eg kategorien «Om skriveoppgåvene» i tabellen.

Etter at eg hadde fått eit overblikk over kapitla, las eg meir systematisk igjennom rettleiingane med fokus på å finne ut om det blei skrive noko om skriveoppdrag, mottakar, føremål, tekstomgrep og kontekst. Eg brukte den same matrisa som i næranalysen av skriveoppgåvene (sjå forklaring i kap. 4.1), men med den justeringa at kategoriane «Mottakar» og «Føremål» er slått saman for å skape ei meir oversikteleg presentasjon av funna.

4.2 Funn frå eksamensrettleiingane

4.2.1 Rettleiing frå 2013

I eksamensrettleiinga frå 2013 er det tre kapittel som handlar om eksamensoppgåvene. I det første kapittelet, «Eksamensoppgåvene», står det blant anna at: «Eksamensoppgåvene er utforma med utgangspunkt i kompetansemåla i læreplanen for faget» (Utdanningsdirektoratet, 2013, s. 3). Det kjem også fram at elevane skal skrive ein sakprega tekst eine eksamensdagen, medan dei skal skrive ein skjønnlitterær tekst den andre dagen (s. 3). I kapittelet «Skrivekompetanse», blir det presisert at oppgåvene er knytt til tema i førebuingdelen: «Oppgåvene er knytte opp mot tema i førebuingdelen...» (s. 4). I eksamensrettleiinga er det også eit eige kapittel som handlar om sjanger, og der står det at elevane skal vise: «...at dei beherskar forventningar til sjanger ut frå den oppgåva dei vel» s. 6. Felles for alle kapitla, er at det berre blir nytta tekst i forklaringa av eksamensoppgåvene.

I analysen av kva som blir skrive om dei ulike kategoriane i matrisa, kom det fram at det ikkje blir skrive noko om verken mottakar eller publiseringskanal, og at det einaste som blir skrive om føremål er: «...sensor må vere open for sjangerblandingar som tener formålet med oppgåva» (Utdanningsdirektoratet, 2013, s. 6). I eksamensrettleiinga blir det heller ikkje nemnt noko særleg om sjølve skriveoppdraget. Det som står, er at elevane skal skrive: «...med utgangspunkt i eit gitt tema» (s. 2). Sjanger og kva type tekst som skal skrivast, blir det skrive meir om. Her blir det blant anna vist til kompetansemåla (etter 4., 7. og 10. trinn) der desse sjangrane blir nemnde: «...fortellinger, dikt, brev og sakpreget tekst (...) artikkel, diskusjonsinnlegg, formelt brev, novelle, forteljing, dikt, dramatekst og kåseri» (s. 4–5). Vidare står det at sjangeren kan vere gitt, eller at det kan vere opp til eleven sjølv å velje sjanger, men at eleven uansett må: «...halde seg innafor det overordna kravet til anten sakprega eller skjønnlitterær tekstproduksjon» (s. 6). Når det gjeld den siste kategorien, kontekst, blir det lagt vekt på at tekstane i førebuingsmateriellet skal nyttast i det skriftlege arbeidet til eleven: «Oppgåvene er knytte opp mot tema og tekstar i førebuingsmateriellet» (s. 3), og det står at oppgåvene kan ha ein igangsetjar.

4.2.2 Rettleiing frå 2014

Til forskjell frå eksamensrettleiinga frå 2013, har det i denne rettleiinga blitt sett inn eit nytt kapittel på heile 16 setningar som handlar om korleis eksamensoppgåvene blir formulert i tråd med den reviderte læreplanen. I rettleiinga frå 2013 var det eit eige kapittel om sjanger, men her heiter kapittelet «Ulike typar tekstar». I dette kapittelet blir det presisert at sjangeromgrepet er blitt tona ned: «Sjangeromgrepet er tona ned i den reviderte læreplanen. Ein annan måte å klassifisere ulike typar tekstar på er basert på den funksjonen teksten har» (Utdanningsdirektoratet, 2014, s. 5), og

difor vil elevane til eksamen 2014 få: «...ulike oppgåver som ber om skrivning av ulike typar tekstar» (s. 5). I det nye kapittelet blir det opplyst om at oppgåvene har: «...tilleggsinformasjon som presiserer kva slags sjanger eleven kunne ha blitt beden om å skrive i etter tidlegare læreplan» (s. 6). Felles for begge rettleiingane er at det er kompetansemåla som ligg til grunn for eksamensoppgåvene: «Eksamensoppgåvene er baserte på kompetansemåla i læreplanen for faget» (s. 3), og at oppgåvene kan vere knytt til førebuingmaterialet: «Oppgåvene i del B kan ha tilvisingar til førebuingmaterialet...» (s. 3). I denne rettleiinga blir det også berre nytta tekst i forklaringa av eksamensoppgåvene.

I rettleiinga for 2014 blir det skrive noko om alle kategoriane i matrisa. Det blir blant anna understreka at oppgåvene kan føre opp: «...spesifikke skrivehandlingar som at eleven skal fortelje om noko, beskrive noko, informere om noko, gi eksempel på noko, overtyde om noko, eller at teksten skal vere kreativ» (s. 5) eller «...verb frå læreplanen, krav til innhald, oppbygging og/eller språk» (s. 5). I tillegg er kven som er mottakaren av teksten, og kva som er føremålet med teksten komme meir i søkelyset: «Dei [elevane] skal kunne planleggje, utforme og bearbeide tekstane og tilpasse dei til mottakar, formål og medium...» (s. 6). Det blir også eksplisitt nemnt at oppgåvetekstane kan: «...definere mottakar, formål og/eller medium» (s. 5).

Som skrive i første avsnitt, har sjangeromgrepet blitt nedtona, og det blir presisert at det ikkje lenger er: «...ein rein sakprega eller skjønnlitterær skrivedag, som har vore praksis inntil 2013» (Utdanningsdirektoratet, 2014, s. 2). No er det heller opp til eleven sjølv å finne ut kva type tekst eller sjanger som er mest føremålstenleg: «Eleven skal, ved hjelp av kunnskap om språk og tekst, kunne velje kva for type tekst, eller sjanger, som er best eigna for oppgåvene» (s. 6). Det som fortsatt er likt frå førre eksamensrettleiing, er at nokre av skriveoppgåvene framleis kan ha tilvisingar til førebuingmaterialet, og ha igangsetjarar (s. 3).

4.2.3 Rettleiing frå 2015

Denne rettleiinga har ikkje eit eige kapittel som handlar om verken sjanger eller «type tekst», men i staden for inneheld rettleiinga eit kapittel som heiter «Å velje oppgåve». Det blir fortsatt poengtert at sjangeromgrepet er nedtona, og at den nye måten å klassifisere tekstar på er basert på funksjonen til teksten (Utdanningsdirektoratet, 2015, s. 6). Som for dei to andre rettleiingane, blir det også fortsatt skrive at: «Eksamensoppgåvene er baserte på kompetansemåla i læreplanen for faget» (s. 3.), og det blir berre nytta tekst i kapitla om eksamensoppgåvene.

Også rettleiinga frå 2015 inneheld informasjon om alle kategoriane i matrisa. Når det gjeld skriveoppdrag, blir det skrive akkurat det same som i rettleiinga for 2014: «Oppgåvebestillingane vil konkretisere kva som blir kravd i oppgåvesvaret. Dette kan vere at eleven skal bruke ulike skrivehandlingar som for eksempel å fortelje om noko, beskrive noko, informere om noko, gi eksempel på noko, overbevise om noko, eller at teksten skal vere kreativ» (Utdanningsdirektoratet, 2015, s. 6) og at: «Andre måtar å gi bestillingar i oppgåvene på kan vere ved å bruke verb frå læreplanen eller ved å setje krav til innhald, oppbygging og/eller språk» (s. 6).

Det er heller ingen forskjell frå dei andre rettleiingane med tanke på kva det blir skrive om mottakar og føremål: «Oppgåvene kan òg definere mottakar, formål og/eller medium» (Utdanningsdirektoratet, 2015, s. 6). I tillegg blir det skrive at elevane skal kunne tilpasse skrivearbeidet sitt til mottakar, føremål og medium (s. 6–7). Når det gjeld kontekst, står det framleis at oppgåvene kan ha ein igangsetjar som blant anna viser til førebuingmaterialet (s. 3). I denne rettleiinga blir det poengert at: «...det å velje teksttype [er] ein del av kompetansen eleven viser. Eleven skal, ved hjelp av kunnskap om språk og tekst, kunne velje kva for type tekst, eller sjanger, som er best eigna for oppgåvene» (s. 6).

4.2.4 Rettleiing frå 2016

I denne rettleiinga er det to kapittel som omhandlar eksamensoppgåvene: «Eksamensoppgåve i norsk» på 15 setningar, og «Oppgåveformuleringa til eksamen» på 8 setningar. Det er fortsatt berre tekst som blir nytta i kapitla, og framleis blir det presisert at kompetansemåla i læreplanen er utgangspunktet for eksamensoppgåvene (Utdanningsdirektoratet, 2016, s. 3). Også forklaringa om sjanger og type tekst (s. 6) er formulert på same måte som rettleiingane frå 2014 og 2015.


Når det gjeld funn i forhold til kategoriane i matrisa, er det også mykje det same som i dei føregåande rettleiingane. Einaste forskjellen er at det blir konkretisert at: «Oppgåveinstruksjonen er meint å hjelpe eleven til å velje type tekst og utforme innhaldet i oppgåvesvaret» (Utdanningsdirektoratet, 2016, s. 3), og igangsetjaren til oppgåvene står i normal skrift. I rettleiinga frå 2015 blei det presisert at det å velje type tekst er ein del av kompetansen eleven viser, men dette har dei fjerna i denne rettleiinga. Her står det berre at: «Til eksamen får elevane ulike oppgåver som ber om skrivning av ulike typar tekstar» (s. 7).

4.2.5 Rettleiing frå 2017

I denne rettleiinga er det totalt via 28 setningar, fordelt på to kapittel, i forklaringa av eksamensoppgåvene. Det som er nytt i denne rettleiinga, er at det er eit eige kapittel som handlar om

sjølve utforminga av oppgåvene. I dette kapittelet blir det brukt tekst, og det er sett inn ein figur, som inneheld eit konkret døme på ei oppgåve med forklaring av designet (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 4). I det andre kapittelet blir det meir konkretisert korleis eksamensoppgåvene er utforma i tråd med læreplanen og kompetansemåla. Her blir det vist til formålsteksten for norskfaget, og det blir presisert av dei grunnleggjande ferdigheitene indirekte blir prøvd til eksamen (s. 3). Som i dei andre rettleiingane, står det fortsatt at: «Alle eksamensoppgåvene er baserte på kompetansemåla til og med 10. trinn» (s. 3).

I denne rettleiinga blir som sagt sjølve designet til eksamensoppgåvene grundig forklart:



Figur 4.1: Eksempeloppgåve frå eksamensrettleiinga frå 2017

Her blir kvar del av oppgåva grundigare forklart enn kva som har blitt gjort i dei tidlegare rettleiingane. Det står at oppgåvene *kan* ha ein igangsetjar i normal skrift, som skal fungere som inspirasjon for elevane. Vidare blir det forklart at den delen som er skriven med feit skrift, er den delen som seier kva elevane *skal* gjere. Dette blir kalla for oppgåveinstruksjon (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 4). I rettleiinga blir det også understreka av oppgåvene kan innehalde krav til mottakar, føremål, form og oppbygging (s. 4), men det blir presisert at: «I kompetansemåla for 10. trinn blir ingen sjangrar nemnde ved namn, så eksamensoppgåvene vil ikkje innehalde krav om at elevane skal skrive i bestemte sjangrar» (s. 4). Felles med dei andre rettleiingane, blir det også skriven at oppgåvene er knytt til tekstane i førebuingmaterialet (s. 3).

4.2.6 Rettleiing frå 2018

Eksamensrettleiinga frå 2018 er mykje lik rettleiinga frå 2017. Det blir konkretisert på same måte korleis eksamensoppgåvene er utforma i tråd med læreplanen og kompetansemåla (Utdanningsdirektoratet, 2018, s. 3), og det er sett inn ein figur som forklarar oppgåvedesignet (s. 4). Sjølv om det er mykje likt frå førre rettleiing, er det eit moment som er nytt: «Mange oppgaver inviterer til å vise digital kompetanse og kompetanse i å utforme samansette tekstar» (s. 4).

Også funna i forhold til kategoriane i matrisa er ganske lik frå rettleiinga i 2017. Det står fortsatt at oppgåveinstruksjonen, som seier kva elevane *skal* gjere i tekstane, står med feit skrift (Utdanningsdirektoratet, 2018, s. 4), men i denne rettleiinga står det også at: «Nokre oppgaver kan konkret be om illustrasjonar eller andre estetiske verkemiddel» (s. 4). Dette er nytt i frå førre rettleiing. Vidare blir det skrive at eksamensoppgåvene *kan* innehalde krav til føremål, mottakar, og form og oppbygging av teksten (s. 4). I rettleiinga frå 2017 vart det skrive at oppgåvene ikkje ville innehalde krav om at elevane skulle skrive i bestemte sjangrar (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 4), men dette punktet har dei fjerna i denne rettleiinga. Når det gjeld funn i høve kategorien «kontekst», blir det fortsatt skrive at oppgåvene er knytt til førebuingmateriellet (s. 3–4), og at dei kan ha ein igangsetjar eller ei innramming i normal skrift (s. 4).

4.3 Funn frå eksamensoppgåvene

For å gjere det litt enklare å følgje med i beskrivingane av funna, har eg laga ein oversikt der eg presenterer det eg har funne ut.

OPPGÅVE– SETT	SKRIVE– OPPDRAK	MOTTAKAR/ KANAL	FØREMÅL	TEKSTOMGREP	KONTEKST
2013 EKSEMPEL –OPPGÅVE HOVUD– MÅL	4/4 Krav til innhald: 3 Handling: 1	0/4	1/4	4/4 Type tekst: 1 Tekst: 2 Kombinert: 1	4/4 Intertekstualitet: 4
2013 EKSEMPEL –OPPGÅVE SIDEMÅL	3/3 Handling: 3	2/3 Mottakar: 2	2/3	2/3 Type tekst: 1 Tekst: 1	3/3 Intertekstualitet: 1 Problemstillingar/ situasjonar: 1 Kombinert: 1
2013 HOVUD– MÅL	4/6 Spørsmål: 1 Handling: 5	0/6	0/6	6/6 Sjanger: 2 Type tekst: 4	6/6 Intertekstualitet: 6
2013 SIDEMÅL	7/7 Krav til innhald: 7	0/7	0/7	7/7 Sjanger: 2	7/7 Intertekstualitet: 6

				Type tekst: 5	Historiske fakta: 1
2014 HOVUD- MÅL	4/4 Krav til innhald: 1 Handling: 1 Spørsmål: 1 Kombinert: 1	3/4 Kanal: 2 Kombinert: 1	3/4	4/4 Tekst: 4	4/4 Intertekstualitet: 3 Kombinert: 1
2014 SIDEMÅL	3/3 Krav til innhald: 1 Handling: 1 Kombinert: 1	3/3 Mottakar: 2 Kombinert: 1	1/3	3/3 Tekst: 3	3/3 Intertekstualitet: 2 Kombinert: 1
2015 HOVUD- MÅL	1/3 Krav til innhald: 1	3/3 Mottakar: 1 Kombinert: 2	3/3	3/3 Type tekst: 1 Tekst: 2	3/3 Kombinert: 3
2015 SIDEMÅL	4/4 Krav til innhald: 1 Spørsmål: 1 Kombinert: 2	3/4 Kanal: 2 Kombinert: 1	1/4	4/4 Type tekst: 2 Tekst: 2	4/4 Intertekstualitet: 3 Kombinert: 1
2016 HOVUD- MÅL	4/4 Handling: 4	3/4 Mottakar: 2 Kombinert: 1	0/4	3/4 Tekst: 3	4/4 Intertekstualitet: 4
2016 SIDEMÅL	4/4 Krav til innhald: 3 Kombinert: 1	0/4	0/4	4/4 Type tekst: 1 Tekst: 3	4/4 Intertekstualitet: 4
2017 HOVUD- MÅL	4/4 Krav til innhald: 1 Handling: 3	2/4 Mottakar: 2	1/4	4/4 Tekst: 3 Kombinert: 1	4/4 Intertekstualitet: 3 Kombinert: 1
2017 SIDEMÅL	4/4 Krav til innhald: 1 Handling: 2 Kombinert: 1	2/4 Kanal: 1 Kombinert: 1	2/4	4/4 Tekst: 3 Kombinert: 1	4/4 Intertekstualitet: 4
2018 HOVUD- MÅL	3/4 Krav til innhald: 2 Handling: 1	2/4 Mottakar: 1 Kombinert: 1	3/4	4/4 Type tekst: 1 Tekst: 3	4/4 Intertekstualitet: 3 Konstruert kontekst: 1
2018 SIDEMÅL	2/4 Handling: 2	2/4 Mottakar: 1 Kombinert: 1	1/4	3/4 Type tekst: 1 Tekst: 2	4/4 Intertekstualitet: 1 Konstruert kontekst: 1 Kombinert: 2

I tabellen har eg notert ned kor mange oppgåver som inneheld dei ulike kategoriane. For eksempel inneheld alle oppgåvene frå eksempeloppgåva i hovudmål 2013 skriveoppdrag, der tre oppgåver set krav til innhald, og ei nyttar handlingsverb/fraser. Når det gjeld mottakar og/eller kanal, er det ingen oppgåver som nemner dette, og det er berre ei av fire oppgåver som seier noko om føremål. I dei ulike eksamenane varierer det stort sett mellom å setje krav til innhald eller å bruke handlingsverb/frasar i

skriveoppdraga. Når det gjeld kontekst, er det stort sett intertekstualitet som vert hyppigast brukt. Bruken av mottakar, publiseringskanal og føremål er ganske fråverande fram til eksamen i 2014. Etter dette, blir desse kategoriane stort sett nemnt i eit par oppgåver i dei ulike oppgåvesetta. Etter eksamen i 2013, blir ikkje sjangeromgrepet nytta. I staden for blir omgrepet «tekst» brukt, eller kva type tekst som skal skrivast. I neste kapittel vil eg forklare desse funna nærare.

4.3.1 Eksamen frå 2013

Eksamen i hovudmål frå 2013 inneheld seks oppgåver elevane kan velje mellom, medan eksamen i sidemål har sju valfrie oppgåver. Felles for oppgåvesetta er at det berre vert nytta skriven tekst, og dei fleste oppgåvene har ei lengd på to og tre setningar.

Felles for begge oppgåvesetta er at ingen av skriveoppgåvene nemner noko om verken mottakar, kanal eller føremål, og alle oppgåvene, unntatt ei oppgåve, viser til andre tekstar elevane skal forhalde seg til. I oppgåve D4 består konteksten av historiske fakta:

I juli 1969 landet Apollo 11 på månen, og Neil Armstrong og Edwin «Buzz» Aldrin var de første menneskene som gikk på månens overflate. I 21,5 time oppholdt Collins seg alene i hovedfartøyet som gikk i bane rundt månen

Når det gjeld skriveoppdrag, er dette løyst ganske likt innad i oppgåvesetta. I hovudmåls eksamen består alle skriveoppdraga av eit handlingsverb/frase, med unntak av ei oppgåve som består av eit spørsmål. I eksamen for sidemål, har alle oppgåvene krav til innhald. Som til dømes her i D2:

Skriv en skjønnlitterær tekst der en superhelt har blitt 70 år. Teksten må fokusere på kontrastene mellom superheltilivet og livet som gammel

Dømet ovanfor viser også at elevane skal skrive ein «skjønnlitterær tekst». Dette er også tilfellet for resten av oppgåvene i sidemåls eksamen. D4 nemner at elevane skal skrive: «...ei novelle eller et utdrag fra et skuespill», medan D5 seier at elevane skal skrive ei novelle. Resten av tekstane skriv at elevane skal skrive ein skjønnlitterær tekst. I hovudmåls eksamen er den sakprega skrivinga i fokus, der det blir nemnt i fire av tekstane at elevane skal skrive ein «sakprega tekst». I to av oppgåvene blir sjanger eksplisitt nemnt: Kåseri (C2) og artikkel (C5).

4.3.2 Eksempeloppgåver frå 2013 og eksamen frå 2014

Til tentamen i 2013 brukte skule 2 eksempeleoppgåver som blei utgitt i 2013. Det er Utdanningsdirektoratet som har utforma desse oppgåvene, og difor har eg valt å analysere dei i lag med eksamensoppgåvene. Eksempeloppgåvene er døme på korleis oppgåver elevane kan forvente å få på eksamen etter revisjonen av læreplanen, og difor diskuterer eg desse oppgåvene samstundes med eksamen frå 2014 i staden for med eksamen frå 2013 som var før revisjonen. I eksempeleoppgåvene blir det gitt tilleggsinformasjon der det blir forklart at det viktigaste er at elevane svarar på det oppgåva spør etter, og at oppgåvene opnar opp for at elevane kan forme svaret slik han sjølv vil. Eksempeloppgåva i hovudmål for både 2013 og 2014 inneheld fire oppgåver på tre og fire setningar, medan eksempeleoppgåva i sidemål 2013 og 2014 har tre oppgåver på to, tre og fire setningar. Alle oppgåvene består av berre skriven tekst.

I oppgåvene frå begge åra er det variasjon i forhold til kontekst. Alle oppgåvene blir sett inn i ein samanheng, og det varierer blant anna mellom intertekstualitet, der elevane må ta omsyn til andre tekstar, og historiske fakta og konstruert kontekst: «Roald Amundsen reiste i 1912 på ekspedisjon til Sydpolen. Amundsen–stiftelsen skal arrangere en ny tur i hans fotspor» (B2). Det er også døme på at elevane må setje seg inn i ei skriverolle: «Skriv ein tekst der ein som er ny i Noreg fortel om...» (E2), og at konteksten viser til aktuelle problemstillingar eller situasjonar: «De som lager eksamen, ønsker en tilbakemelding fra elevene på eksempeleoppgaven» (B3).

Felles for oppgåvene er at det ikkje blir nemnt sjanger, og det er som oftast omgrepet «tekst» som blir nytta, med nokre unntak. I F3 blir type tekst forklart nærare ved å beskrive at: «...du skal delta med en tekst som viser at du kan bygge opp spenning og skape stemning», medan i A1 står det berre at eleven skal skrive ein «forteljande tekst». Noko som skil seg litt meir ut, er at i ei oppgåve blir det ikkje nemnt noko i forhold til tekstomgrep. Oppgåvelyden er som følger:

Skriv til Amundsen–stiftelsen for å overbevise dem om at du bør få delta på denne ekspedisjonen.

Opplysningene du gir, behøver ikke å være korrekte, men de må være relevante (B2)

I motsetnad til eksamen frå 2013, blir det eksplisitt nemnt kva føremålet er i tre av eksempelsoppgåvene og i fire av eksamensoppgåvene for 2014. Dette blir til dømes skrive slik:

1. «Teksten skal ha som formål å underhalde lesaren» (A3)
2. «Hensikten er å forbedre neste års eksamen» (B3)
3. «Teksten din skal skape engasjement hos tilhøyraren eller lesaren» (E3)
4. «Teksten skal få fram kontrastane i kvardagane til dei to» (E4)

Ein annan forskjell frå eksamen 2013, er at nesten alle oppgåvene frå 2014 eksplisitt nemner kven mottakarane eller publiseringskanalen er, det er berre oppgåve E4 som ikkje seier noko om dette. I eksempelsoppgåvene gjeld ikkje dette for ein like stor del av oppgåvene då det berre er to oppgaver (B2 og B3) som seier noko om dette. Døme på nokre av dei forskjellige mottakarane eller publiseringskanalane er «NRK» (F3), «kunnskapsministeren» (F1), «eit blad eller eit nettmagasin (E1), «de som lager eksamen» (B3) og «Amundsenstiftelsen» (B2).

Når det gjeld funn i forhold til skriveoppdrag, varierer dette som oftast mellom å stille krav til innhald og å bruke handlingsverb/frase. I ei oppgåve blir det berre stilt spørsmål: «Kva vil det seie å ha det ein treng?» (E1).

4.3.3 Eksamen frå 2015 og 2016

Eksamen i hovudmål frå 2015 inneheld tre oppgaver på tre setningar som berre består av skriven tekst. Oppgavesetta frå 2015 i sidemål og 2014 i hovudmål derimot, inneheld fire oppgaver der ei av oppgåvene frå 2015 og to av oppgåvene frå 2016 består av både skriven tekst og bilete. Når det gjeld lengda på den skrivne teksten, er den som oftast på tre og fire setningar. Den siste eksamen, 2016 i sidemål, inneheld fire oppgaver på to eller tre setningar som består av skriven tekst.

I hovudmåls eksamen for 2015 inngår oppgåvene både i ein konstruert kontekst samstundes som det er referansar til andre tekstar. Dette gjeld også for oppgåve H4 frå sidemåls eksamen same året:

Klassen din har arbeidet med «sult» som fordypningsemne i flere fag. Som avslutning på fordypningsperioden skal dere i norsk lage en tekstsamling som dere skal dele.

Du skal skrive en tekst med utgangspunkt i bildet til venstre (hentet fra forberedelsesmateriellet)

Konteksten i dei andre oppgåvene, og i begge eksamenane frå 2016, er intertekstualitet.

I alle oppgåvene frå 2015 til og med hovudmålseksamen i 2016, unntatt H2 og I3, blir det anten nemnt mottakar eller publiseringskanal. I G1 står det blant anna at publiseringskanalen er ein: «...nettstad der det er mange oppslag om kjendisar og suksess», medan det i oppgåve I1 blir presisert at det er «sensorane» som er mottakarane. Eksamen i sidemål (2016) skil seg ut i frå dei andre oppgåvesetta ved at ingen av oppgåvene nemner verken mottakar eller publiseringskanal.

Når det gjeld «føremål», er dette noko som blir nemnt i alle oppgåvene frå G1 fram til H2, med unntak av H1. Ofte blir dette heilt eksplisitt formulert ved å bruke omgrepa «formål» eller «hensikt», som for eksempel her:

...formålet er å få dei som les eller besøker sida til å reflektere over kva det vil seie å lukkast i livet (G1)

Skriveoppdraget i dei forskjellige oppgåvene er ein god blanding av å setje krav til innhald, bruke handlingsverb/frasar og å stille spørsmål. Det finst også eksempel på oppgåver frå hovudmålseksamen i 2015 (G1 og G3) som ikkje inneheld eit tydeleg skriveoppdrag, og to oppgåver frå sidemålseksamen i 2015 (H1 og H3) som inneheld fleire typar skriveoppdrag. I oppgåve H3 består skriveoppdraget av handlingsverba «referere» og «sitere», men startar først med eit spørsmål: «Hva skjer om mange ungdommer fortsetter i et spor der 'meg selv, mitt og mine behov' står i sentrum – hvordan vil samfunnet da bli?». Skriveoppdraga som består av handlingsverb, refererer til føremåla konstruksjon av tekstverder (H1, J1), påverknad (H3), kunnskapsutvikling (I1, I2, I3), og identitetsdanning og sjølvrefleksjon (I4).

Funn i forhold til «tekstomgrep», viser at det er omgrepet «tekst», eller at type tekst, som «fortellende tekst» (J2), «argumenterende tekst» (H3), «reflekterende tekst» (H2) og «innlegg» (G1), som blir brukt.

4.3.4 Eksamen frå 2017 og 2018

Alle eksamenane frå 2017 og 2018 inneheld fire valfrie oppgåver som oftast består av to til fire setningar. Eit unntak er i sidemålseksamen frå 2017 der ei oppgåve har ei lengd på 11 setningar. Oppgåvesetta består også berre av skriven tekst, utanom ei oppgåve frå eksamen i sidemål 2018 som i tillegg har eit bilete.

Stort sett inneheld skriveoppdraget handlingsverb/fraser, men det fins også eksempel der det blir stilt krav til innhald: «Førsteintrykket skal knyte seg til korleis andre menneske uttrykkjer seg gjennom språk og utsjånad» (K1). I ei oppgåve blir det også stilt spørsmål i tillegg til å nytte handlingsverb/frase:

Er hatpratet problem i dagens samfunn? Hva kan man gjøre for å stoppe hatprat? Skriv en tekst der du reflekterer over disse to spørsmålene. Bruk eksempler fra nyere tid (L3)

Eit funn som skil seg ut frå dei andre skrivedagane, er at det er ein del av tekstane som ikkje har eit tydeleg skriveoppdrag. Dette gjeld eksamen frå 2018 både i hovudmål (M1) og i sidemål (N3). For oppgåvene som inneheld handlingsverb/frasar, refererer desse til føremåla: kunnskapsorganisering og lagring (K2), påverknad (K3, M2, N2), metakommunikasjon (K4), kunnskapsutvikling (L1, L3, N4) og konstruksjon av tekstverder (L2).

Når det gjeld om det eksplisitt blir nemnt føremål i oppgåvene, er det tre oppgåver frå 2017 og tre oppgåver frå 2018 som nemner føremål. Då står det heilt konkret at:

1. Formålet med teksten din er å fortelje om en tidsreise på en måte som underholder og Morer (L2)
2. ..formålet er å få fram eit engasjement for språk (M1)

Det er også varierende om det det blir skrive kven mottakarane er eller kva som ser publiseringsskanal. I ei av oppgåvene frå hovudmåleksamen for 2017 blir mottakar nemnt, med det er ikkje noko meir konkret enn at elevane skal skrive: «...med tanke på at lesarane ikkje kjenner til novella frå før av» (K4), men det er også døme på at dette blir heilt eksplisitt nemnt: "Juryen i lokalavisa" (N2). Av og til blir det både nemnt publiseringsskanal (feit skrift) og mottakar (kursiv skrift):

1. Teksten skal publiserer i et **nettmagasin** for *ungdom* (L1)
2. Publiseres på et **nettsted** som tar inn ulike typer tekster om saker *ungdom* er opptatt av (N3)

Det finst også eksempel på ei oppgåve der elevane skal velje mellom fleire publiseringsskanalar:

I eit hefte som elevrådet ved skolen din skal gi ut som en del av kampanjen "Her går grensen!" [eller] På nrk.no/ytring, et nettsted for meningsytringer om aktuelle

Samfunnsspørsmål

Når det gjeld tekstomgrep, er det stort sett “tekst” som blir nytta. Dette gjeld for både 2017 og 2018. I 2017 er det to oppgåver som nemner sjanger for å forklare korleis tekst elevane kan skrive:

1. Du kan for eksempel velje å forme teksten din som ei novelle, som ein reportasje eller som eit blogginnlegg (K1)
1. Du kan for eksempel velje å forme teksten din som en forteljing eller som et kåseri

I 2018 er det to oppgåver som nemner kva type tekst elevane skal skrive: “kreativ tekst” (M1) og “kapittel” der det i tillegg blir presisert at eleven skal skrive: “...i same stil som i tekstutdraget”. Den siste oppgåva i sidemålseksamen 2018 nemner verken sjanger, type tekst eller nyttar omgrepet “tekst”:

Beskriv og sammenlikn hvordan bloggen og annonsen får fram engasjement for miljøet.
Hvilke målgrupper mener du tekstene henvender seg til? Begrunn svaret ditt.

I eksamen frå 2017 viser alle oppgåvene til andre tekstar. Det vil seie at dei hamna under koden “intertekstualitet”. Det er berre ei oppgåve som skil seg ut ved at den både har referansar til andre tekstar i tillegg til å bli sett inn i ein konstruert kontekst:

Førestill deg at politikarane der du bur, diskuterer om dei skal løyve pengar til ein ny møtestad for ungdom. Politikarane ønskjer at møtestaden skal vere ein plass der alle føler at dei høyrer til, uavhengig av bakgrunn. På møtestaden skal det vere mogleg for ungdommane møte kvarandre og kommunisere ansikt til ansikt.

Skriv ein tekst til lokalavisa der du argumenterer for at det er nødvendig med ein slik møtestad. **Vis til minst éi kjelde frå førebuingmaterialet i teksten din** (K3, mine markeringar)

Sjølve innramminga til oppgåva, det eg har markert med kursiv, er ein konstruert kontekst, medan den siste setninga (feit skrift) seier at elevane må vise til ein eller fleire av tekstane i førebuingmaterialet. I oppgåvesetta frå 2018, er det litt større variasjon når det gjeld funn i forhold til kontekst. Dei fleste oppgåvene hamna fortsatt under intertekstualitet, men det er to oppgåver som ikkje viser til andre

tekstar. Desse oppgåvene er sett inn i ein konstruert kontekst. I tillegg er det to oppgåver som inkluderer både intertekstualitet og konstruert kontekst.

4.4 Analyse av eksamensoppgåvene og skriveoppgåvene

Ein del av analysearbeidet handlar om korleis ein systematiserer datamaterialet (Larsen, 2012, s. 98). Etter at datainnsamlinga var avslutta, gjekk eg i gjennom oppgåvetekstane for å finne ut kven som hadde laga dei. Her fann eg ut at oppgåvene anten var laga av lærarane sjølve, henta frå lærebøker eller forlag, eller det var tidlegare eksamensoppgåver eller eksempeloppgåver frå utdanningsdirektoratet. For å bekrefte desse funna, tok eg kontakt med lærarane slik at dei kunne rette opp i eventuelle misforståingar. Neste trinn, var å systematisere oppgåvesetta etter kven som hadde laga dei. Allereie her kom det fram eit interessant funn: mesteparten av oppgåvesetta (heile 11 stykk) var tidlegare eksamensoppgåver eller eksempeloppgåver frå utdanningsdirektoratet. Berre fire oppgåvesett var laga av lærarane sjølve, medan åtte sett var henta frå lærebøker eller forlag (sjå tabell).

Etter dette, laga eg ein tabell for å skape eit overblikk over oppgåvesetta. Her skreiv eg ned kvar dei ulike setta var henta frå og kor mange oppgåver (langsvarsoppgåver) dei inneheldt. I tillegg såg eg på kor mange setningar dei ulike oppgåvene bestod av, og kva modalitet som vart nytta. Neste steg i analysearbeidet var å utvikle ei matrise for korleis innhaldet i oppgåvetekstane kunne systematiserast. Ei matrise har same oppsett som ein tabell, men inneheld tekst i staden for tal (Grønmo, 2004, s. 255). I dette tilfellet inneheldt matrisa sitat frå skriveoppgåvene og/eller kodar for innhaldet:

OPPGÅVE –SETT	SKRIVE– OPPDRAG	MOTTAKAR/ KANAL	FØREMÅL	TEKSTOMGR EP	KONTEKST
ÅRSTAL OPPGÅVE	Krav til innhald Handlingsverb : Argumenter, reflekter osv. Handlingsfras e: Bruk eksempel osv. Spørsmål: Består skriveoppdrag et av eit eller fleire spørsmål?	Mottakar: Medelevane, ein ven osv. Kanal: Lokalavisa, nettstad osv.	Blir det presisert i oppgåva kva føremålet er?	Type tekst: Argumenter– ande tekst, kreativ tekst osv. Blir omgrepet « tekst » nytta? Sjanger: Artikkel, novelle osv.	Konstruert kontekst: Blir oppgåva sett inn i ein oppdikta samanheng? Ofte står det: «Tenk deg at...» Skriverolle: Må elevane tenke at dei er nokon andre enn seg sjølv? T.d. «Tenk deg at du er ny i landet...» Intertekstualitet: Må elevane halde seg til andre tekstar?

	Eit ord/ei frase
--	-------------------------

Utgangspunktet for analysen av skriveoppgåvene var sjølve teksten og språket. Eg behandla skriveoppgåvene som ein eigen sjanger, og ønskte soleis å undersøkje kva som kjenneteiknar ein god oppgåvetekst. På bakgrunn av teori og tidlegare forskning, utforma eg desse kategoriane i matrisa:

- Skriveoppdrag
- Mottakar/kanal (skriv om dette)
- Føremål
- Tekstomgrep
- Kontekst

Den første kategorien handlar om oppgåva har eit tydeleg skriveoppdrag eller ikkje (jamfør Otnes i kap. 2.2.1). At oppgåva har eit tydeleg skriveoppdrag, vil som sagt seie at det blir presisert at det skal skrivast. Difor har eg undersøkt om det blir nemnt at det skal skrivast i form av eit handlingsverb eller handlingsfrase. Handlingsfrase betyr at frasen inneheld eit handlingsverb og eit substantiv. Nokre av skriveoppgåvene inneheld ikkje eit tydeleg skriveoppdrag, og i følge funna til Otnes, består ofte desse oppgåveformuleringane av eitt eller fleire spørsmål, eit imperativ eller berre eit ord eller ei frase. Difor har eg også undersøkt om dette er tilfellet. I matrisa har eg valt å bruke omgrepet «Spørsmål» dersom oppgåveformuleringa berre består av spørsmål, og «Eit ord/ein frase» dersom oppgåveformuleringa berre består av eit ord eller ei frase.

Under «Mottakar» har eg sett på om det blir nemnt kven som er mottakar av teksten elevane skal skrive, eller om det blir nemnt publiseringskanal. Under «Føremål» har eg sett etter om det eksplisitt blir nemnt kva føremålet med oppgåva er. Eg har også vurdert, ut i frå skrivehjulet, kva som er føremålet med skriveoppgåva i dei tilfella skriveoppdraget inneheld handlingsverb/fraser. Med bakgrunn i læreplanrevisjonen, der tekstomgrepet blei endra (sjå kap. 2.1.2), var det interessant å

undersøke kva omgrep som blir brukt i skriveoppgåvene. Blir det nemnt sjanger, eller er det eit anna tekstomgrep som blir nytta? Blir det presisert *kva type* tekst som skal skrivast?

Den siste kategorien handlar om kva innramming oppgåva har. Her har eg undersøkt med utgangspunkt i desse tre fenomen:

- Blir oppgåva sett inn i ein konstruert kontekst?
- Får eleven tildelt ei skriverolle?
- Må elevane halde seg til andre tekstar?

Føremålet med det første punktet er å undersøke om det blir lagt opp til ein verkelegheitsnær situasjon som kan gjere skriveoppgåva meir motiverande og konkret for eleven. Vidare, handlar punkt to om eleven må setje seg inn i ei rolle, eller om eleven skal skrive som seg sjølv. Det siste punktet, går ut på om det blir nemnt at eleven må halde seg til andre tekstar. Dette kan til dømes vere at eleven skal lese ein spesiell tekst, sitere frå ein annan tekst o.l. I matrisa har eg kalla punkt ein for «Konstruert kontekst», punkt to for «Skriverolle» og punkt tre for «Intertekstualitet».

For å løyse presentasjonen av datamaterialet på ein mest mogleg oversiktleg måte, har eg gitt kvar skriveoppgåve ein kode, og det er denne eg viser til i matrisa. Eg har valt å lage tabellar og matrise for kvar skule, då dei blei meir oversiktleg og overkommeleg enn om alt skulle inn på same plass.

4.5 Funn frå skule 1

Frå skule 1 fekk eg skivedagar både frå 2013, 2014, 2016 og 2018. Denne skulen var den som hadde størst variasjon i kvar skriveoppgåvene var henta frå. Som for eksamensoppgåvene har eg laga eit samandrag i form av ein tabell. Dette har eg gjort for kvar skule. Tabellen under viser at skriveoppdraget varierer frå dei forskjellige åra, og at ingen av oppgavesetta inneheld verken mottakar, kanal eller mottakar. Tekstomgrepet har endra seg frå "sjanger" til "tekst", medan det har blitt meir vanleg at oppgåvene inngår i ein kontekst.

OPPGÅVE– SETT	SKRIVE– OPPDRAG	MOTTAKAR/ KANAL	FØREMÅL	TEKST– OMGREP	KONTEKST
2013 HOVUD– MÅL	4/4 Eit ord/ein frase: 4 Spørsmål: 4	0/4	0/4	4/4 Sjanger: 4	0/4

2014	7/7	0/7	0/7	7/7	6/7
SIDEMÅL	Eit ord/ein frase: 5			Sjanger: 7	Intertekstualitet: 4
	Krav til innhald: 1				Skriverolle: 1
	Spørsmål: 1				Konstruert
					kontekst: 1
2016	2/2	0/2	0/2	2/2	2/2
SIDEMÅL	Handling: 2		Handlinga	Tekst: 2	Intertekstualitet: 2
			refererer til:		
			Kunnskaps-		
			utvikling: 2		

4.5.1 Skrivedagane frå 2013 og 2014

Skrivedagane frå 2013 og 2014 har lærarane utforma sjølve. Skriveoppdraget i desse oppgåvetekstane er alt frå to til åtte setningar. Når det gjeld kva modalitet som blir brukt, er det berre i oppgåvesettet frå 2013 hovudmål at det blir brukt bilete i tillegg til tekst. Skrivedagen frå 2013 består av fire oppgåver der elevane skal velje ei av oppgåvene. Felles for alle desse oppgåvene, er at det står kva sjanger elevane skal skrive i. Dei forskjellige oppgåvene har sjangeren som hovudskrift, og deretter inneheld oppgåva punkt over kva som kjenneteiknar denne sjangeren. Oppgåve O4 startar til dømes slik:

Diskusjonsinnlegg/ Lesarinnlegg: (skriv ca. 2 sider på lesarinnlegget).

Sjangertrekk/krav i eit diskusjonsinnlegg/ lesarinnlegg:

- Skriv for å overbevise lesaren
- Viss du svarar på eit lesarinnlegg, skriv ned alle argumenta frå den artikkelen. Skriv motargument punkt for punkt

I skrivedagen frå 2014, som inneheld sju oppgåver elevane kan velje mellom, fann eg dei same funna; i oppgåvene blei det nemnt kva sjanger elevane skulle skrive i. Dette ser me til dømes i oppgåvene P1, P2 og P3 som har akkurat same formulering:

Lag tankekart/disposisjon, og skriv en drøftende artikkel.

Felles for begge skrivedagane er at ingen nemner kven mottakaren er, eller kva føremålet med teksten er. Når det gjeld skriveoppdrag, varierer dette mellom å vere berre eit ord eller ei frase, eller det blir stilt spørsmål. I oppgåve O1 (2013) er det til dømes fire tema elevane kan velje mellom:

- a.) Ringen
- b.) Sakn
- c.) Svik

d.) Sjalusi

I oppgåve P1, P2 og P3 (2014) blir skriveoppdraget gitt som ein frase ved å namngi overskrifta teksten til eleven skal ha:

1. Overskrift: *Ungdommenes politiske verden, i min hjembygd.*
2. Overskrift: *Min egen spilleverden*
3. Overskrift: Mine tanker om hormonhermende stoffer.

Skriveoppdraget i oppgåve O2 (2013) og P7 (2014) består av spørsmål:

1. 3a). Er det slik ungdommen er?
b). Er det mogeleg at ein fattig vera meir lukkeleg enn ein rik?
2. Fotball et rusmiddel for folk flest?
Hva er det som får menn – og noen kvinner – verden over til å bli så engasjert i tjueto ungdommer i kortbukse som løper etter en ball?

Oppgåve P6 (2014) skil seg litt meir ut ved at det blir stilt krav til kva teksten skal innehalde, i staden for å gi eit tema eller stille spørsmål slik som dei andre oppgåvene gjer:

Du må ha en innledning der du skriver fakta om personen, deretter spørsmål med svar på intervjuet. Husk å beskrive personen når du intervjuer han/henne.

Det som er nytt i skivedagen frå 2014 i forhold til 2013, er at dei fleste oppgåvene no blir sett inn i ein kontekst. Ingen av oppgåvene frå 2013 blei sett inn i ein samanheng. Både oppgåve P1, P2, P3 og P4 viser til andre tekstar som skal lesast før elevane skal skrive ein eigen tekst. Slik som her i oppgåve P4:

Les reportasjen: Road-trip: White Snow s.4–8 i *Faktafyk*.

I oppgåve P5 får elevane ei skriverolle som journalist: “Du er journalist for en dag”, medan i oppgåve P6 er det konstruert ein kontekst: “Lag et tenkt intervju med en idrettsstjerne du ser opp til”, men i oppgåve P7 derimot, er det inga innramming rundt oppgåveteksten:

ESSAY

Fotball et rusmiddel for folk flest?

Hva er det som får menn – og noen kvinner – verden over til å bli så engasjert i tjueto ungdommer i kortbukse som løper etter en ball?

4.5.2 Skrivemedagane frå 2016 og 2018

I 2016 og 2018 vart det berre brukt eksamensoppgåver, med unntak av ein skrivemedag i sidemål i 2016 som er henta frå *Faktafyk*. Denne skrivemedagen består av to oppgåver. Skriveoppdraget i begge oppgåvene består av 4 setningar, og det blir nytta både bilete og tekst til kvar oppgåve. Oppgåvene til skrivemedagen i hovudmål i 2016 er henta frå eksamen i 2014, medan oppgåvesetta for 2018 er eksamensoppgåver frå 2018. Desse oppgåvene vil eg kommentere nærare i kapittel 4.5.

Oppgåvene frå skrivemedagen i 2016 frå *Faktafyk* skil seg litt ifrå oppgåvene frå 2013 og 2014 med tanke på utforminga til skriveoppdraget. Skriveoppdraget for oppgåvene i denne skrivemedagen består av handlingsverb og handlingsfraser. Begge oppgåvene har identisk formulering av skriveoppdrag der handlingsverba og handlingsfrasene tilseier at føremålet med tekstane er kunnskapsutvikling, der elevane blir bedne om å tenke og å diskutere. Begge oppgåvene (R1 og R2) inneheld desse formuleringane:

Skriv en tekst der du reflekterer over og argumenterer for (...) Bruk eksempler frå teksten...

Denne skrivemedagen skil seg også ut i forhold til kva tekstomgrep som vert nytta. I dei førre skrivemedagane blei det eksplisitt nemnt kva sjanger elevane skulle skrive i, men her står det berre at elevane skal skrive ein tekst. Sjå eksempelet ovanfor. Sameleis som for oppgåvene frå 2014, blir også desse oppgåvene sett inn i ein samanheng. Uansett kva oppgåve elevane vel, må elevane lese ein tekst i *Faktafyk*:

1. Les godt og sett deg inn i teksten s. 4 i *Faktafyk* heftet.
2. Les godt og sett deg inn i teksten s.57 i *Faktafyk* heftet

4.6 Funn frå skule 2

Frå denne skulen fekk eg ikkje noko oppgåvesett frå før 2016. Skrivemedagane eg fekk her i frå, er frå år 2016, 2017 og 2018. Funn i forhold til skriveoppdrag frå oppgåvene frå skule 2, viser at det varierer mellom å stille krav til innhald og å bruke handlingsverb/fraser. Ein gong innimellom består skriveoppdraget av kombinasjonar av fleire kategoriar. Det er også stor variasjon i om det blir nemnt mottakar og/eller publiseringskanal. Når det gjeld føremål, er dette noko som gradvis blir meir brukt i

oppgåvene, sjølv om dette går litt ned igjen i skrivedagen i sidemål i 2018. Funn i forhold til tekstomgrep viser at teksttype, «tekst» og sjanger blir brukt om eit anna. Nokre gonger blir også fleire av omgrepa brukt samstundes. Oppgåvene har heile tida blitt sett inn i ein kontekst, og konteksten varierer som oftast mellom intertekstualitet og aktuelle problemstillingar/situasjonar.

OPPGÅVE- SETT	SKRIVE- OPPDRAG	MOTTAKAR/ KANAL	FØREMÅL	TEKST- OMGREP	KONTEKST
2016 HOVUDMÅL	4/4 Krav til innhald: 1 Handling: 1 Kombinert: 2	0/4	0/4	4/4 Type tekst: 1 Tekst: 2 Kombinert: 1	4/4 Intertekstualitet: 2 Problemstillingar/ situasjonar: 1 Kombinert: 1
2016 SIDEMÅL	4/4 Krav til innhald: 1 Handling: 3	1/4 Mottakar: 1	1/4	4/4 Tekst: 4	4/4 Problemstillingar/ situasjonar: 1 Kombinert: 3
2017 HOVUDMÅL (GYLDENDAL)	4/4 Krav til innhald: 2 Handling: 2	0/4	0/4	4/4 Sjanger: 1 Type tekst: 1 Tekst: 2	4/4 Intertekstualitet: 3 Problemstillingar/ situasjonar: 1
2017 SIDEMÅL (GYLDENDAL)	4/4 Krav til innhald: 1 Handling: 2 Kombinert: 1	2/4 Mottakar: 2	0/4	4/4 Sjanger: 1 Type tekst: 1 Tekst: 2	4/4 Intertekstualitet: 1 Problemstillingar/ situasjonar: 1 Kombinert: 2
2017 HOVUDMÅL	4/4 Krav til innhald: 1 Handling: 3	0/4	1/4	4/4 Type tekst: 1 Tekst: 2 Kombinert: 1	4/4 Intertekstualitet: 4
2017 SIDEMÅL	4/4 Krav til innhald: 2 Handling: 1 Kombinert: 1	1/4 Mottakar: 1	2/4	4/4 Sjanger: 1 Type tekst: 2 Tekst: 1	4/4 Intertekstualitet: 2 Konstruert kontekst: 1 Kombinert: 1
2018 HOVUDMÅL, HAUST	4/4 Krav til innhald: 1 Handling: 2 Kombinert: 1	3/4 Mottakar: 3	3/4	4/4 Sjanger: 1 Type tekst: 2 Tekst: 1	4/4 Intertekstualitet: 2 Problemstillingar/ situasjonar: 2

2018 HOVUDMÅL, VÅR	3/3 Krav til innhald: 3	0/3	2/3	3/3 Tekst: 1 Kombinert: 2	4/3 Intertekstualitet: 2 Konstruert kontekst: 1
2018 SIDEMÅL	3/3 Krav til innhald: 2 Kombinert: 1	2/3 Mottakar: 1 Kanal: 1	1/3	3/3 Type tekst: 1 Tekst: 1 Kombinert: 1	3/3 Intertekstualitet: 3

4.6.1 Skrivetdagane frå 2016

Skrivetdagane frå 2016, både i hovudmål og sidemål, har skule 2 henta frå *Nye Kontekst*. Ingen av skriveoppgåvene bruker anna modalitet enn tekst. Oppgåvesetta inneheld fire oppgåver, som oftast består av tre eller fire setningar, som elevane skal velje mellom. Sjølv designet til oppgåvene varierer noko. Skriveoppgåvetil dei fleste oppgåvene består av handlingsverb eller handlingsfraser, som til dømes i oppgåve T3 der handlingsverba er «drøfter» og «reflekterer»:

Skriv en tekst der du drøfter dette tema og reflekterer over hvordan du påvirkes av den informasjonsstrømmen du utsettes for.

Ein av oppgåvene består av både ei handlingsfrase (markert med kursiv) og spørsmål:

Skriv ein tekst som *utdjupar tankane* dine om globaliseringa. Korleis endrar dette verda? Korleis vil menneska leve saman i framtida? (S3, mi markering)

I nokre av skriveoppgåvene blir det ikkje nytta verken spørsmål eller handlingsverb/fraser, men i staden for blir det stilt krav til innhald – kva teksten elevane skriv skal innehalde. I dømet nedanfor blir det både stilt krav til innhald (markert med kursiv), men også til form | (markert med feit skrift):

(...) Skriv en tekst om en person som etter mange års taushet bryter stillheten, og der det å ta i bruk stemmen sin gjør en stor forskjell. Teksten skal ha **en dramatisk oppbygning, frampek og skildringer** (T2, mine markeringar)

Som ein ser i dømet ovanfor, blir det ikkje eksplisitt nemnt kva sjanger elevane skal skrive i. Dette er gjeldande for dei fleste oppgåvetekstane der omgrepet «tekst» blir nytta, sjølv om eit par av oppgåvene i tillegg har nokre krav til form. Dette er som sagt tilfellet i dømet ovanfor, men dette kjem

også fram i oppgåve S2 som seier at: «Teksten skal ha tankereferat og eit vendepunkt». I oppgåvesetta frå 2016 er det berre ei oppgåve som eksplisitt nemner sjanger: «Skriv ein personleg tekst (for eksempel dagbok, blogginnlegg, tekstmeldingar, brev eller e-post)...» (S1).

Når det gjeld funn i forhold til «føremål», er oppgåve T4 einaste oppgåva der det blir nemnt noko om føremål:

Skriv en tekst med et klart budskap til dette formålet [som er å påvirke ungdom til å bruke sin stemme og delta aktivt i samfunnsdebatt].

For dei oppgåvene som inneheld handlingsverb/fraser, refererer dei fleste av oppgåvene til identitetsdanning og sjølvrefleksjon, eller kunnskapsutvikling, der handlinga blant anna er å utdjupe tankane (S3), reflektere (S4), drøfte (T1) og diskutere (T3). I oppgåvesetta er det også døme på oppgåver som har konstruksjon av tekstverder (S2) og påverknad (T4) som føremål.

Felles for alle oppgåvene er at dei blir sett inn i ein kontekst. Dette varierer mellom intertekstualitet, skriverolle og konstruert kontekst, i tillegg til at nokre av oppgåvene viser til aktuelle problemstillingar eller situasjonar, som her i oppgåve T1: «I Norge står yringsfriheten sterkt. Retten til å uttrykke seg fritt er en forutsetning for vårt demokrati, og er noe vi anser som svært verdifullt for å opprettholde det samfunnet vi lever i». Funna viser at det er det sistnemnte punktet og intertekstualitet som blir hyppigast brukt.

Funn i forhold til kategorien «mottakar», viser at det er berre to av oppgåvene som seier noko om dette. Oppgåve S4 seier ikkje kven mottakaren er, men skriv at eleven: «Vel sjølv kven som skal vere mottakar». I oppgåve T4 kjem det fram at det er barn og unge på Norway Cup som er mottakarane.

4.6.2 Skrivedagane frå 2017

I 2017 henta dei to oppgåvesett frå læreboka *Nye kontekst*, og to andre oppgåvesett frå forlaget *Gyldendal*. Dette gjaldt både for hovudmål og sidemål. Alle skrivedagane inneheld fire oppgåver elevane skal velje mellom, og det blir berre nytta tekst. Lengda på skriveoppgåvene er alt frå to til seks setningar.

Skriveoppdraga til dei forskjellige oppgåvene varierer mellom å stille krav til innhald eller å nytte handlingsverb/fraser. I oppgåve X2 skal elevane skrive ein tekst der: «...der språk, tekst eller bilder har en viktig rolle» i tillegg til at dei skal skrive om eitt av dessa tema:

- en robot har overtatt all skiving i samfunnet
- en tekst får stor betydning for hovedpersonen
- hovedpersonen opplever ikke å bli hørt

I forskjell frå oppgåvene frå 2016, varierer desse oppgåvene i større grad i forhold til kva føremål dei ulike oppgåvene refererer til. Fortsatt er det kunnskapsutvikling som er føremålet for dei fleste oppgåvene, men det finst også oppgåver med metakommunikasjon (U2, W4), påverknad (V1, X3) og utveksling av informasjon (V4) som føremål. I tre av oppgåvene blir det eksplisitt nemnt kva føremålet er: «Formålet med intervjuet er å få fram hvordan det kan oppleves å flykte» (X1), «Målet er å overbevise dem om dine at hjertesakene dine er viktige» (X3), og «Teksten skal fungere som inspirasjon og sette i gang ein debatt...» (Y1).

Felles med oppgåvene frå 2016, blir også desse oppgåvene sett inn i ein kontekst, og det kjem heilt klart fram at det er intertekstualitet som er den mest nytta konteksten. Ei av oppgåvene blir sett inn i ein konstruert kontekst:

Tenk at du får fem minutter der du skal snakke til alle politikerne i landet. Du har anledning til å snakke til dem om det du brenner aller mest for, og de er interessert i å lytte! Hva sier du? Hvilke saker ville du tatt opp? (X3)

Det er berre i ei oppgåve at elevane blir bedne om å setje seg inn i ei skriverolle: «Tenk at du er en journalist...» (X1). Ein del av oppgåvene viser også til aktuelle problemstillingar eller situasjonar. Som til dømes oppgåve U4:

Sosiale medium har gjort det lettare enn nokon sinne å "sleppe seg fri" på Internett: Vi kan publisere kva som helst, når som helst, utan å vente på at ein redaktør eller eit forlag som skal godkjenne det.

Funn i forhold til kva tekstomgrep som vert nytta, viser at det varierer mellom å skrive «tekst», å presisere *kva type* tekst, og å eksplisitt skrive sjanger. Når det blir presisert kva type tekst elevane skal skrive, står det: kreativ tekst (U4, V2), reflekterande tekst (W4) og drøftende tekst (X4). I fem av

oppgåvetekstane blir det nemnt sjanger: samandrag (U2), velkomstbrev eller tale (V4), novelle eller essay (W3), intervju (X1), og manus til appell (X3).

Når det gjeld mottakar, er det tre oppgåver som nemner noko om dette: sensorane (V1), nye åttandeklassingar (V4), og politikarane (X3).

4.6.3 Skrivedagane frå 2018

I 2018 henta dei oppgåvesett frå læreboka *Nye kontekst*. Dette gjaldt både for hovudmål og sidemål. Ein av skrivedagane består av fire valfrie oppgåver, medan dei to andre inneheld tre oppgåver elevane skal velje mellom. Også her blir det berre nytta tekst, og oppgåvelydane varierer mellom to til seks setningar.

Som i dei føregåande skrivedagane, blir alle oppgåvene sett inn i ein kontekst, og det er fortsatt intertekstualitet som blir oftast nytta. Berre ei oppgåve blir sett inn i ein konstruert kontekst:

Sjå for deg at alle i Noreg hadde ein dag, ei veke, ein månad eller eit år utan tilgang til internett, tv eller sosiale medium. Kva konsekvensar kunne dette fått? Ville kvardagen blitt enklare eller meir komplisert? Korleis ville kommunikasjonen gått føre seg? Kven ville styrt informasjonen, og kven ville du stolt på?

Funna viser også at innramminga til oppgåvene også ofte viser til aktuelle problemstillingar og situasjonar. Som til dømes her:

Kva vel vi å fortelje om oss sjølv i sosiale medium gjennom tekst, film og bilde? Og kva utelèt vi? Kvifor er det blitt så vanleg å ta selfiar? Kva er ein «perfekt» selfie? (Y1)

Når det gjeld funn i forhold til skriveoppdraget, kjem det fram at det som oftast blir stilt krav til innhald, og at det berre er tre oppgåver med skriveoppdrag som består av handlingsverb. I oppgåve Y4 blir det både stilt krav til innhald (markert med kursiv) og brukt handlingsverb (markert med feit skrift):

Du har fått i oppdrag å vere med på å lage ein kampanje for heimstaden din. Formålet er både å få innbyggerane til å føle seg stolte over staden og å lokke enten turistar eller nye familiar dit.

Lag eit bidrag til kampanjen. *Bidraget skal innehalde både tekst, bilde eller illustrasjon og ha ein layout som passar.*

Skriv til slutt eit avsnitt der du **forklarer** korleis kampanjen skal spreiaast, og kvifor du trur han vil bli vellykka.

La overskrifta beskrive heimstaden din positivt (Mine markeringar)

Det som er litt interessant med denne oppgåva er at den ber eleven om å skrive to tekstar; Først skal eleven lage eit bidrag til kampanjen, og til slutt skal han skrive eit avsnitt der han forklarar korleis denne kampanjen skal spreiaast. Sidan elevane skal skrive to tekstar, er også føremålet todelt. Som ein ser i dømet ovanfor, er føremålet for bidraget eksplisitt skrive (sjå det som er understreka). I avsnittet skal eleven *forklare*, det vil seie at han skal gjere greie for eller beskrive, noko som refererer til føremålet «kunnskapsorganisering og lagring». Når det gjeld føremålet i dei andre skriveoppgåvene, blir dette eksplisitt nemnt i heile fem oppgåver (Y1, Y3, Z2, Z3 og Æ2). Oppgåvene som har handlingsverb, refererer til kunnskapsutvikling (Y1 og Y3) og påverknad (Y3).

I fire oppgåver blir det nemnt noko om mottakar eller publiseringskanal. I Æ2 blir det ikkje forklart kven mottakarane er, men det blir presisert at elevane skal velje kven som er mottakarane, og at: «Det skal komme tydelig fram i teksten din hvilken målgruppe du har valgt». I Æ2 blir publiseringskanal nemnt: «Teksten skal publiseres i en avis, enten på internett eller på papir», medan det er «ungdom og forskarar» som er mottakarane i oppgåve Y1 og «politikarane» i Y3.

Også for desse skrivedagane varierer det ein del i bruken av tekstomgrep. Det er fortsatt variasjon mellom å skrive berre «tekst», å presisere *kva type* tekst, og å eksplisitt skrive sjanger. Til dømes finn ein alle desse måtane å omtale tekst på i oppgåve Æ2 (markert med feit skrift):

Skriv en **tekst** (...) Det skal komme tydelig fram i **teksten** (..) Skriv enten en **kreativ tekst** der det foregår slarving og ryktespredning, eller et **debattinnlegg**.

4.7 Funn frå skule 3

Skule 3 har brukt tidlegare eksamensoppgåver eller eksempeloppgåver frå Utdanningsdirektoratet til alle skrivedagane, unntatt til skrivedagane i 2015 (sidemål og hovudmål) der dei har laga oppgåvene sjølve. Eg har fått skrivedagar frå 2013, 2015, 2016, 2017 og 2018. Eksamensoppgåvene vil eg som sagt

ta for meg i kapittel 4.5. Difor presenterer eg berre funn frå skrivdagen frå 2015 i dette kapitlet. Sidan det berre er to skrivedarar frå skule 3, kommenterer eg ikkje tabellen under noko meir. Dette forklarar eg meir grundig i neste delkapittel.

OPPGÅVE– SETT	SKRIVE– OPPDRAG	MOTTAKAR/ KANAL	FØREMÅL	TEKST– OMGREP	KONTEKST
2015 HOVUD– MÅL	4/4 Krav til innhald: 2 Handling: 2	3/4 Mottakar: 1 Kanal: 2	1/4	4/4 Type tekst: 3 Kombinert: 1	4/4 Intertekstualitet: 3 Konstruert kontekst: 1
2015 SIDEMÅL	4/4 Krav til innhald: 1 Handling: 3	3/4 Kanal: 3	1/4	4/4 Sjanger: 1 Type tekst: 3	3/4 Intertekstualitet: 3

4.7.1 Skrivdagane frå 2015

Frå 2015 fekk eg eitt oppgavesett på sidemål, og eitt på hovudmål. Begge setta består av fire valfrie oppgåver, der dei fleste av oppgåvene er på tre setningar. Det er blir ikkje brukt bilete eller liknande, berre tekst.

Når det gjeld kva tekstomgrep som blir nytta, blir det i alle oppgåvene presisert kva *type tekst* som skal skrivast: Kreativ tekst (Ø1, Ø3, Å1, Å3), reflekterande tekst (Ø2), informativ tekst (Ø4), og humoristisk tekst (Å4). I to oppgåver blir det nemnt kva sjanger elevane skal skrive i: artikkel (Ø4) og innlegg (Å2).

I oppgåvene blir det også nemnt mottakar eller publiseringsskanal for alle oppgåvene unntatt to stykk. I Å3 står det for eksempel at: «Teksten skal stå på trykk i en eventyrbok», medan kven som er mottakarane blir presisert i oppgåve Ø2: «Medelevane».

Skriveoppdraget i oppgåvene varierer mellom å stille krav til innhald eller å innehalde handlingsverb/frase. Det blir brukt varierte handlingsverb som refererer til ulike føremål: kunnskapsorganisering og lagring (Ø4), påverknad (Å2), konstruksjon av tekstverder (Å3), identitetsdanning og sjølvrefleksjon (Å4). I oppgåve Ø2 refererer handlingsverbet til at føremålet er konstruksjon av tekstverder, men tekstomgrepet, og resten av innhaldet i oppgåva, tilseier at det er identitetsdanning og sjølvrefleksjon som er føremålet.

I oppgavesetta blir alle oppgåvene unntatt ei oppgåve (Å4) sett inn i ein kontekst. Ei oppgåve viser til ein aktuell problemstilling eller situasjon:

Det har vore mykje fokus på mobbing i media i det siste, og temaet har vore aktuelt på skulen vår. Mellom anna har me nyleg hatt besøk av politiet som tok føre ei spesiell sak knytt til nettmobbing.

Resten av oppgåvene viser til tekstar som elevane har eller kan lese i «tekstheftet»:

1. I tekstheftet kan du lesa om Stian, som skulle mobbast til døde (Ø1)
2. I tekstheftet kan du lesa forteljinga «Dei gjekk for å bade» (Ø3)
3. I tekstheftet kan du lese tekster om barn som gruer seg til jul, eller som har det vanskelig (Å1)


5 Drøfting

I dette kapittelet vil eg bruke ei komparativ tilnærming i drøftinga av funna frå eksamensrettleiingane, eksamensoppgåvene og skriveoppgåvene. For å gjere komparasjonen meir oversiktleg, har eg valt å strukturere drøftinga etter kategoriane i matrisa: skriveoppdrag, mottakar og publiseringskanal, føremål, tekstomgrep og kontekst. I førre kapittel blei funna presentert i kronologisk rekkjefølge innanfor eksamensrettleiingane, eksamensoppgåvene og skriveoppgåvene frå skulane, men i drøftingskapitlet blir det meir logisk å ta for seg ein og ein kategori der eg drøftar og samanliknar dei ulike dokumenta.

For å enkelt orientere seg i analysen av datamaterialet, har eg laga diagram som viser funn om dei forskjellige kategoriane. Nokre diagram blir presentert i kapittelet, medan andre ligg som vedlegg. Som vedlegg ligg det også tabellar der eg har oppsummert det som har blitt skrive i eksamensrettleiingane om kategoriane. Det er mykje tekst å orientere seg i, og det er ikkje alltid det er like enkelt å forklare med skriven tekst åleine, difor meiner eg diagramma og tabellane er med på å visualisere funna på ein oversiktleg måte, og i tillegg kan fungere som hjelpemiddel for å avskaffe eventuelle misforståingar.


5.1 Slutt på lærarproduserte skriveoppgåver?

Som skrive i metodekapittelet brukte eg lang tid på å prøve å få samle inn lærarproduserte skriveoppgåver som har blitt brukt til tentamen og skrivedagar på 10. trinn. Berre fire av totalt 25 oppgåvesett var laga av lærarane sjølve, medan heile 11 oppgåvesett var tidlegare eksamensoppgåver. Resten av oppgåvesetta var henta frå lærebøker/forlag.



Figur 5.1: Oversikt over kva oppgåvesett skulane har nytta

Funna viser at det ikkje har blitt brukt lærarproduserte oppgåver etter 2015. I staden for er tidlegare eksamensoppgåver eller tentamensoppgåver frå lærebøker/forlag nytta. I 2016 blei det i like stor grad brukt tentamensoppgåver frå lærebøker/forlag som eksamensoppgåver (50 prosent, sjå diagram under). Dette var ikkje tilfellet i 2017 der bruken av tidlegare eksamensoppgåver gjekk ned, medan bruken av oppgåver frå lærebøker/forlag gjekk opp. I 2018 var det omvendt; bruken av skrive dagar frå lærebøker/forlag gjekk ned, medan bruken av tidlegare eksamensoppgåver gjekk opp.



Figur 5.2: Oversikt over utviklinga til kva type oppgåvesett som har blitt brukt

Ei tenkeleg forklaring på denne utviklinga kan kanskje vere at lærarane på 10. trinn i større grad bruker tidlegare eksamensoppgåver fordi dei er usikre på korleis oppgåvene skal utformast i tråd med dei nye endringane etter læreplanrevisjonen i 2013. Som nemnt i innleiinga har det vore stort fokus på sjanger i dei ulike læreplanane i norsk, og difor er det ei stor omvelting når sjangeromgrepet skal tonast ned

og etter kvart bytast ut med eit anna tekstomgrep. Dersom lærarane i tillegg ikkje blir opplyst om korleis skriveoppgåver kan designast i tråd med dei nye endringane, er det forståeleg at mange kan ty til tidlegare eksamensoppgåver eller andre standardiserte opplegg. I studien til Otnes (2014, s. 242) var «skrivehandling» eit nytt omgrep for lærarane, noko som førte til utfordringar i arbeidet med å formulere skriveoppgåver. Dette syner at lærarane på den tida hadde behov for meir informasjon rundt korleis skriveoppgåver skal utformast utifrå eit funksjonelt syn på skriving.

Under datainnsamlingsprosessen hadde eg også ein lenger telefonsamtale med ein av lærarane eg kom i kontakt med. Denne læraren skjønnte ikkje kva eg var ute etter å finne ut, for han hadde inntrykket av at alle lærarane berre brukte tidlegare eksamensoppgåver på 10. trinn. Grunngivinga hans var at dei måtte gjere det slik på 10. trinn fordi dei måtte øve seg til eksamen, og då måtte dei bruke tidlegare eksamensoppgåver for at det skulle bli rett. Påstanden til denne læraren støttar opp spekulasjonen min om at lærarane kanskje ikkje har tilstrekkeleg kunnskap om korleis dei kan utforme skriveoppgåver i tråd med det funksjonelle skrivesynet.

Dersom det er tilfellet at lærarane er usikre på å designe oppgåver sjølv, syner dette kor viktig det er at det blir forska på korleis gode skriveoppgåver kan utformast, og at denne informasjonen blir vidareformidla til lærarar. I SKRIV sine tesar blir det blant anna trekt fram at alle elevar skal få hjelp og støtte i tillegg til presise og konkrete tilbakemeldingar, og at lærarane skal bidra med å utvikle det metaspråklege medvitnet til elevane (Smidt, Solheim & Aasen, 2011 ss. 28, 30-33). I dette arbeidet er ein som lærar avhengig av å sjølv ha ei forståing og å vere trygg i det ein skal formidle. Dersom lærarane ikkje har tilstrekkeleg kunnskap, vil dette difor i neste omgang gå utover elevane.

5.2 Komparasjon mellom offentlege retningslinjer og praksis

5.2.1 Skriveoppdrag

I eksamensrettleiingane er den gjentakande forklaringa, som var den einaste i rettleiinga frå 2013, at oppgåvene kan innehalde krav til innhald (sjå vedlegg 7.3.1). Funn om skriveoppdrag i eksamensoppgåvene viser at alle eksamenssetta inneheld oppgåver som har krav til innhald (sjå vedlegg 7.9.1). Dette er difor eit funn som samsvarar med det som blir skrive i eksamensrettleiingane. Utifrå diagrammet ser ein at ca. halvparten av oppgåvene frå 2013 bestod av skriveoppdrag som sette krav til innhald i elevsvara, medan det frå og med eksempeloppgåvene 2013 til eksamen 2018 har ca. ein tredjedel av oppgåvene hatt krav til innhald. I oppgåvene frå skulane består skriveoppdraget av krav til innhald i litt under halvparten av oppgåvene frå 2015–2016, og ca. i halvparten av oppgåvene frå 2017–2018 (sjå vedlegg 7.9.2). Også éi oppgave frå 2014 har krav til innhald som skriveoppdrag.

I rettleiingane frå 2014–2016 blir det i tillegg understreka at skriveoppdraget kan bestå av skrivehandlingar eller verb frå læreplanen. Denne forklaringa er fjerna frå rettleiingane frå 2017 og 2018, men det blir framleis presisert at i skriveoppdraget: «...står det kva elevane skal gjere i tekstane sine» (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 4; Utdanningsdirektoratet, 2018, s. 4). Sjølv om det ikkje blir eksplisitt skrive at formuleringa kan bestå av skrivehandlingar eller verb, kan sitatet tolkast som at dette fortsatt er aktuelt. I sitatet står det at elevane skal gjere noko – dei skal utføre ei handling, og då er det naudsynt å nytte verb for å forklare kva som skal gjerast. Difor kan sitatet tyde på at skriveoppdraga fortsatt kan bruke handlingsverb/frasar. Dette ser ein til dømes i eksempeloppgåvene som blir gitt i rettleiinga for 2017 og 2018, der begge skriveoppdraga inneheld handlingsverb/frasar: «Fortel» (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 4), og «...beskriv og reflekterer (...) vis til eksempel...» (Utdanningsdirektoratet, 2018, s. 4). Desse oppgåvene er difor med på å vise at det fortsatt er aktuelt å nytte handlingsverb/frasar.

Bruken av skrivehandlingar eller verb, som eg har korta ned til «handling» i diagrammet, viser at det har vore oppgåver i alle eksamenssetta, utanom i 2015, som har hatt denne type skriveoppdrag. Kor mange oppgåver dette gjeld, varierer. Frå 2013–2014 blir det gradvis mindre oppgåver som har handlingsverb/frasar som skriveoppdrag, og som sagt er det heilt fråverande i 2015. Frå 2016 til 2017 aukar det frå halvparten til over halvparten av oppgåvene, medan det i 2018 igjen er færre oppgåver med handlingsverb/frasar som skriveoppdrag. I oppgåvene frå skulane vart det ikkje brukt handlingsverb/frasar før 2015, men frå 2015 til 2017 aukar det gradvis før det skjer ein nedgang i 2018 der under halvparten av oppgåvene har denne type skriveoppdrag.

I eksamensrettleiingane blir det ikkje forklart at skriveoppdraget kan bestå av andre element enn «krav til innhald» (2013–2018) eller «skrivehandlingar eller verb» (2014–2016), men i praksis stemmer ikkje dette. Både i eksamensoppgåvene og oppgåvene frå skulane finst det døme på skriveoppdrag som berre har bestått av spørsmål. Dette gjaldt til dømes for halvparten av oppgåvene frå 2013 frå skulane. Den andre halvparten av desse oppgåvene bestod av eit ord eller ei frase. Denne typen skriveoppdrag blei også brukt i mesteparten av oppgåvene frå 2014, men er eit fråverande fenomen i eksamensoppgåvene.

I eksamensoppgåvene (2014–2017) og oppgåvene frå skulane består også skriveoppdraga av kombinasjonar mellom fleire av kategoriane eg har gjennomgått til no: handlingsfraser/verb, spørsmål og krav til innhald. Dette gjeld for seks av eksamensoppgåvene der dei fleste kombinasjonane er

mellom handlingsverb/frasar og å setje krav til innhald. Det finst også døme på to oppgåver (2015 og 2017) som kombinerer handlingsverb og spørsmål.

Eit interessant funn frå eksamensoppgåvene er at to av oppgåvene frå 2015 og to av oppgåvene frå 2018 skil seg ut ved at skriveoppdraget ikkje høyrer til nokon av dei forhandsbestemte kategoriane. I diagrammet er dette merka med «Ingen skriveoppdrag» sidan det berre blir presisert at det skal skrivast i form av «skriv» eller «skrive». Til gjengjeld inneheld desse oppgåvene både krav til føremål og som oftast mottakar og/eller publiseringskanal, men utover dette blir det ikkje konkretisert kva innhaldet i teksten skal vere. Det vil seie at det blir opp til eleven å finne ut korleis svaret bør formulerast med eit innhald som passar til føremålet og eventuelt mottakarane/publiseringskanalen. Denne tankegangen samsvarar med eksamensrettleiinga frå 2018, der det står at: «Til eksamen er det å ta eigne val for innhald, oppbygging, språk og utforming ein del av kompetansen elevane viser» (Utdanningsdirektoratet, 2018, s. 4). I eksamensrettleiinga frå 2015, derimot, står det at: «Oppgåvebestillingane vil konkretisere kva som blir kravd i oppgåvesvaret» (Utdanningsdirektoratet, 2015, s. 6). Dette viser difor at eksamensoppgåvene frå 2015 som ikkje har eit tydeleg skriveoppdrag avvik frå det som blir skrive i den tilhøyrande rettleiinga.

5.2.2 Mottakar og publiseringskanal

I eksamensrettleiingane blir det stort sett nemnt at oppgåvene kan innehalde krav til mottakar og/eller publiseringskanal (2014–2016, sjå vedlegg 7.3.2). Unntaket er rettleiinga frå 2013 der det ikkje står noko om dette. I eksamensoppgåvene (sjå vedlegg 7.9.3) og oppgåvene frå skulane (sjå vedlegg 7.9.4) frå 2013 var det ingen oppgåver som stilte krav til verken mottakar eller publiseringskanal, noko som samsvarer med eksamensrettleiinga for same året. I eksempeloppgåvene frå 2013 nemner ca. ein fjerdedel av oppgåvene kven som er mottakar av teksten. Eksamensoppgåvene skil seg frå oppgåvene frå skulane ved at nesten alle oppgåvene inneheld krav til mottakar og/eller publiseringskanal, medan dette er heilt fråverande i oppgåvene frå skulane. Dette viser difor at det berre er eksamensoppgåvene som samsvarer med eksamensrettleiinga frå 2014.


Felles for eksamensoppgåvene og oppgåvene frå skulane er at så nær som alle skriveoppgåvene frå 2015 set krav til mottakar og/eller publiseringskanal. Dette vil difor seie at alle oppgåvene har høgt samsvar med eksamensrettleiinga for dette året. Felles for oppgåvene er det også at det berre er ein liten del av oppgåvene som nemner mottakar og/eller publiseringskanal i 2016. Til tross for dette, kan ein fortsatt vurdere desse oppgåvene som eit samsvar med eksamensrettleiinga sidan det berre står at oppgåvene *kan* innehalde krav til mottakar og/eller medium.

I motsetnad til dei andre eksamensoppgåvene og eksamensrettleiingane, avvik eksamen frå 2017 og 2018 frå dei tilhøyrande rettleiingane. I rettleiingane har dei fjerna teksten om at eksamensoppgåvene kan innehalde krav til publiseringskanal/medium, men i praksis er det fortsatt oppgåver som presiserer publiseringskanal åleine eller i kombinasjon med mottakar. Dette gjeld både eksamensoppgåvene og skriveoppgåvene frå skulane.

5.2.3 Føremål


Funn i forhold til føremål viser at det stort sett har vorte skrive det same i eksamensrettleiingane (sjå vedlegg 7.3.3). Unntaket er rettleiinga frå 2013 der det ikkje blir skrive noko om at eksamensoppgåvene skal nemne føremål. Dette viser igjen i både eksamensoppgåvene og oppgåvene frå skulane same året som ikkje definerer føremål. Den einaste samanhengen ordet «føremål» (eller formål som det blir skrive i rettleiinga) blir nemnt i eksamensrettleiinga av 2013, er når det blir presisert at det er ope for sjangerblandingar så lenge det tener føremålet. Frå 2014–2018 blir det konkretisert at oppgåvene kan definere eller innehalde krav til føremål.

I eksamensoppgåvene var det relativt høg bruk av føremål frå 2013 (eksempeloppgåvene)–2015, men i 2016 var det plutselig ingen oppgåver som nemnde føremål (sjå utviklinga i diagrammet under). Dette viser at oppgåvene frå 2016 avvik frå eksamensrettleiinga. Spesielt interessant er det at det blir nemnt føremål i oppgåvene året etter og i 2018, så ein kan berre spekulere rundt kva grunnen til dette fallet kan vere. Har det rett og slett skjedd ein glipp, eller har det vore ei form for eit eksperiment?



Figur 5.3: Oversikt over kva eksamensoppgåver som nemner føremål

Utviklinga i oppgåvene frå skulane med tanke på bruk av føremål har vore litt meir forsiktig (sjå diagram under). Her blei ikkje føremål teke i bruk før i 2015, og året etter var det færre oppgåver som definerte føremål, men det er ikkje før i 2018 at det lausnar skikkeleg der plutselig 60 prosent av oppgåvene nemner føremål. Uansett er alle oppgåvene, unntatt dei frå 2014, i samsvar med eksamensrettleiingane sidan det ikkje blir presisert kor stor del av oppgåvene som bør definere føremål.



Figur 5.4: Oversikt over kva oppgåver frå skulane som nemner føremål

5.2.4 Tekstomgrep

I eksamensrettleiinga frå 2013 står det at oppgåvene kan setje krav til sjanger (sjå vedlegg 7.8.4), og både i eksamensoppgåvene (sjå vedlegg 7.3.4) og oppgåvene frå skulane (sjå vedlegg 7.9.6) blir det presisert kva sjanger som skal skrivast i oppgåvene frå dette året, sjølv om eksamensoppgåvene i større grad konkretiserer kva type tekst som skal skrivast. I rettleiingane frå 2014 og 2015 blir det understreka at sjangeromgrepet er blitt tona ned, og at elevane skal velje type tekst eller sjanger som er best eigna til oppgåva. Funn om tekstomgrep i eksamensoppgåvene viser at det etter 2013 stort sett er omgrepet «tekst» som blir nytta, noko som er i tråd med det som blir skriva i eksamensrettleiingane. Sjangeromgrepet er heilt fråverande, og dette kan seiast å til dels vere eit avvik frå rettleiingane som berre presiserer at sjangeromgrepet er tona ned (2014–2016). Utifrå dette kan ein diskutere om det verkeleg er eit avvik, eller om det berre er rettleiingane som er uklære? Dersom ein tek utgangspunkt i at desse eksamensoppgåvene til dels er eit avvik frå eksamensrettleiingane, kan ein på ei anna side konkludere med at oppgåvene frå skulane frå 2014, som set krav til sjanger, til dels samsvarar med eksamensrettleiingane. Men dersom ein tek utgangspunkt i at det er eksamensrettleiinga som er uklår, vil dette heller ha vore funn som klart avvik frå rettleiinga.

Eksamensrettleiinga frå 2016 seier fortsatt at sjangeromgrepet er tona ned. I tillegg er teksten om at elevane skal velje sjanger som er best eigna for oppgåvene fjerna. I staden for står det berre at elevane får oppgåver som ber om skriving av ulike typar tekstar. I eksamensoppgåvene viser dette igjen ved at det stort sett er omgrepet «tekst» som blir nytta. Dette er også tilfellet for oppgåvene frå skulane, som vil seie at alle oppgåvene frå 2016 samsvarar med eksamensrettleiinga for dette året.

I eksamensrettleiinga av 2017 er også omgrepet «type tekstar» forsvunne, og det blir presisert at oppgåvene ikkje vil innehalde krav til bestemte sjangrar. Det som då skjer, er interessant. Eksamensoppgåvene har ikkje nemnt sjanger sidan eksamen 2013, med unntak av tilleggsinformasjon i eksempeloppgåvene og eksamen 2013 på grunn av læreplanrevisjonen, men i 2017 er det plutselig to oppgåver som nemner sjanger i tillegg til «tekst». Det blir rettnok skrive at det er døme på sjangrar elevane kan skrive, så det er ikkje eit absolutt krav at elevane skal skrive akkurat den og den sjangeren, men ein kan begynne å fundere over kva Utdanningsdirektoratet eigentleg meiner; når det står i eksamensrettleiinga at sjangeromgrepet er nedtona, er det ingen eksamensoppgåver som nemner sjanger, men når det blir understreka i rettleiinga at det ikkje blir stilt krav til sjanger, er det plutselig to oppgåver som nemner sjanger igjen. Dette kan tyde på at det ikkje er heilt einigheit rundt kva tekstomgrep som skal nyttast.

Det einaste som blir skrive i eksamensrettleiinga frå 2018 er at oppgåvene kan innehalde krav til form, men kva desse krava kan vere blir ikkje nærare forklart. I eksamensoppgåvene gjer ikkje dette noko særleg utslag; det er fortsatt omgrepet «tekst» som blir mest nytta, og i oppgåvene frå skulane er det fortsatt variasjon i kva omgrep som blir brukt.


Eit funn som skil seg ut i eksamensoppgåvene er at det i 2016 og 2018 er døme på oppgåver som ikkje nyttar noko tekstomgrep i det heile. Dette er eit klart avvik frå eksamensrettleiingane for desse åra sidan det ikkje blir presisert at det skal skrivast. Utfallet av dette er at oppgåvene framstår som oppgåver som krev munnlege svar i staden for skriftlege svar. Det einaste «hintet» som indikerer at oppgåva faktisk krev eit skriftleg svar, er at eleven skal lage ei overskrift. I eksempeloppgåvene er det også ei oppgåve som ikkje bruker tekstomgrep, men her blir instruksjonen «skriv» brukt slik at det er forståeleg at oppgåva krev eit skriftleg svar, men det blir ikkje vidare presisert *kva* som skal skrivast.

5.2.5 Kontekst

Den gjentakande forklaringa i høve kontekst er at oppgåvene er knytt opp mot førebuingmateriellet (sjå vedlegg 7.3.5). Dette blir skrive i alle eksamensrettleiingane uansett år. I 2016 blir det også skrive


at det er aktuelt å bruke anna relevant materiale som elevane har jobba med i opplæringa, men dette er fjerna frå rettleiingane for 2017 og 2018. Felles for 2013 og 2016–2018 er at det også blir understreka at oppgåvene kan ha ein igangsetjar eller ei innramming, men kva dette betyr blir ikkje nærare forklart.

Felles for eksamensoppgåvene er at alle oppgåvene har ein kontekst som som oftast består av intertekstualitet (sjå diagram under). Dette viser difor at det er høgt samsvar mellom eksamensrettleiingane og eksamenane. Sjølv om det berre blir vist til intertekstualitet som kontekst i eksamensrettleiingane, finst det også døme på eksamensoppgåver som er sett inn i andre samanhengar. I 2013 er éi av oppgåvene plassert under historiske fakta sidan innramminga består av fakta om ei historisk hending. I eksempeloppgåvene frå 2013 var det også døme på éi oppgåve som viser til aktuelle problemstillingar og situasjonar, medan det i 2018 var to oppgåver som var sett inn i ein konstruert kontekst.



Figur 5.5: Oversikt over kva kontekst som blir nytta i eksamensoppgåvene

I motsetnad til eksamensoppgåvene, er det større variasjon i kva kontekst oppgåvene frå skulane inngår i (sjå diagram under). Skriveoppgåvene frå 2013 skil seg frå resten av oppgåvene ved at ingen av oppgåvene har ei innramming. Dette vil difor seie at oppgåveformuleringane avvik frå eksamensrettleiinga for dette året som seier at oppgåvene vil vise til førebuingmaterialet. I 2014 endrar dette seg der det i kvart oppgåvesett fram til 2018 er oppgåver med intertekstualitet som kontekst. Oppgåvene frå 2014–2018 samsvarar difor med eksamensrettleiingane for dei tilhøyrande åra. I likskap med eksamensoppgåvene finst det også døme på oppgåver som har konstruerte kontekstar. I tillegg er det også ei oppgåve ber elevane gå inn i ei rolle som ein annan.



Figur 5.6: Oversikt over kva kontekst som blir nytta i skriveoppgåvene frå skulane

Felles for eksamensoppgåvene og oppgåvene frå skulane er at nokre oppgåver også består av kombinerte kontekstar. Dette er mest framståande i eksamensoppgåvene, der intertekstualitet blir kombinert med anten konstruert kontekst, skriverolle eller historiske fakta.

5.3 Drøfting opp i mot relevant teori og forskning

I dette kapittelet vil eg drøfte eksamensrettleiingane, eksamensoppgåvene og skriveoppgåvene opp mot teorigrunnlaget for denne oppgåva, i tillegg til noko teori utanom. Først vil eg presentere ei punktvis oppsummering frå førre kapittel:

SKRIVEOPPDAG Eksamensoppgåvene og skriveoppgåvene består av andre skriveoppdrag enn det som blir forklart i eksamensrettleiingane.

MOTTAKAR/KANAL I eksamensrettleiingane frå 2014–2016 står det at oppgåvene kan innehalde krav til mottakar og/eller medium. Likevel er det få oppgåver både i eksamensoppgåvene og oppgåvene frå skulane, som definerer mottakar og/eller medium. Frå 2017 står det berre at oppgåvene kan innehalde krav til mottakar, men i praksis blir det fortsatt også sett krav til publiseringskanal.

FØREMÅL Eksamensoppgåvene er i samsvar med eksamensrettleiingane, sjølv om det kunne vore presisert i fleire oppgåver. I 2016 skjedde eit fall der ingen av oppgåvene definerte føremål. I oppgåvene frå skulane er det ikkje lagt særleg vekt på å nemne føremål før i 2018.

TEKSTOMGREP I eksamensrettleiingane blir det presisert at det er opp til elevane å velje type tekst som passar til føremålet, men i praksis blir det somme stader presisert kva type tekst som skal skrivast eller gitt døme på sjanger. I oppgåvene frå skulane skjer dette i større grad enn i eksamensoppgåvene.

KONTEKST

Skriveoppgåvene frå skulane og eksamensoppgåvene blir sett inn i forskjellige kontekstar, men i eksamensrettleiingane blir det berre nemnt at oppgåvene viser til førebuingmateriellet og andre «innrammingar».

5.3.1 Skriveoppdrag

Jamfør Otnes (2014, ss. 251-253) er det viktig at skriveoppdraget er presist formulert slik at elevane veit kva dei skal gjere og kvifor, og i studien hennar kom det fram at dette var noko som var utfordrande for lærarane som var med i prosjektet. Oppgåver som ikkje presiserer at det skal skrivast eller korleis det skal skrivast, karakteriserer Otnes som upresise (ss. 244-245). I eksamensrettleiingane er som sagt den gjentakande forklaringa at skriveoppdraget kan ha krav til innhald. Ut i frå konklusjonane til Otnes vil denne typen skriveoppdrag bli rekna som upresise dersom det berre vert sett krav til innhald utan å presisere at det skal skrivast eller korleis det skal skrivast. I praksis blir som oftast instruksjonen «skriv» brukt i oppgåver som berre har skriveoppdrag beståande av krav til innhald. I tillegg blir det også ofte konkretisert kva type tekst som skal skrivast:

Skriv en fortellende tekst med overskriften «Bak fasaden», der én eller flere av personene framhever og skjuler noe ved seg selv. Lag en åpen slutt. (J2, mine markeringar)

I denne skriveoppgåva er skriveoppdraget tydeleg der det blir presisert at det skal skrivast ein forteljande tekst. Sjølv om mange oppgåver presiserer kva type tekst som skal skrivast, er det også oppgåver som ikkje gjer dette. Dei manglar difor eit tydeleg skriveoppdrag. I døme 1 blir ikkje instruksjonen «skriv» nytta, og det blir heller ikkje presisert kva type tekst det er snakk om (men blir forklart at eleven skal bygge opp spenning og skape stemning). I døme 2 manglar også instruksjonen «skriv», men til gjengjeld vert type tekst konkretisert (markert med feit skrift):

1. NRK har utlyst en skrivekonkurranse der overnaturlige vesener og norsk natur skal være en del av handlingen. Du skal delta med en tekst som viser at du kan bygge opp spenning og skape stemning (F3)
2. Lag en **nyhetssak** om mobbing med utgangspunkt i hendelsen fra novellen Stryk meg. Teksten skal publiseres i en avis, enten på internett eller på papir. Bruk derfor ulike fortellermåter og visuelle virkemidler som gir god layout (Æ1, mi markering)

Første dømet ovanfor er ei eksamensoppgåve, og det er berre denne, i tillegg til éi til oppgåve, som har krav til innhald utan presiseringar om at det skal skrivast. I oppgåvene frå skulane er det fleire eksempel på oppgåver utan tydelege skriveoppdrag. Funna under samsvarar med funna som Otnes

gjorde i studien sin (2014, ss. 244-245). I døme 1 består skriveoppdraget berre av eit ord utan instruksjen «skriv». Neste dømet manglar også instruksjen «skriv» der det berre blir stilt spørsmål:

1. Oppgåver: (vel ei av desse)

- a. Ringen
- b. Sakn
- c. Svik
- d. Sjalusi

2. Fotball et rusmiddel for folk flest?

Hva er det som får menn - og noen kvinner – verden over til å bli så engasjert i tjueto ungdommer i kortbukse som løper etter en ball?

I oppgåvene frå skulane er det flest oppgåver som manglar tydelege skriveoppdrag, men alle desse oppgåvene er henta frå 2013 og 2014, med unntak av Æ1 som er frå 2018. I eksamensoppgåvene er det også nokre av oppgåvene som manglar skriveoppdrag der det berre er instruksjen «skriv» som blir brukt (2015 og 2018). Dette syner at oppgåvene frå skulane har forbetra seg ved å ha mindre upresise oppgåver, medan dette har utvikla seg i motsett retning for eksamensoppgåvene der tre av åtte oppgåver frå 2018 kan seiast å ha utydelege skriveoppdrag. I komparasjonen av eksamensrettleiingane og skriveoppgåvene antyda eg at eksamensrettleiingane for å bli vagare i forklaringa om kva skriveoppdraget kan bestå av. Kan denne utviklinga i eksamensoppgåvene tolkast som eit resultat av endringa i eksamensrettleiingane?

5.3.2 Mottakar og publiseringskanal

Den reviderte læreplanen i norsk legg blant anna vekt på at tekstane elevane skriv skal tilpassast mottakar og medium (Utdanningsdirektoratet, 2013, s. 9). I studien til Otnes (2014, s. 250) kom det fram at ein del av oppgåvene var utan mottakar, sjølv om dette skulle vere med. I staden for viste det seg at det av og til blei nemnt publiseringskanal. Otnes konkluderte med at sjølv om det hadde vore enkelt å nemnt ein mottakar i dei fleste oppgåvene, er det naudsynt å vurdere om det er relevant eller ikkje.

I eksamensoppgåvene og spesielt i oppgåvene frå skulane, var det lite bruk av krav til mottakar og/eller publiseringskanal etter 2016. I førre kapittel vurderte eg dette til å samsvare med eksamensrettleiinga sidan det berre blir omtalt at oppgåvene *kan* innehalde. Dette samsvarar soleis også med forskning som seier at det er ei vurderingssak om det er relevant å nemne mottakar/publiseringskanal eller ikkje

(Otnes, 2014, s. 250). Funnet som utmerka seg var at teksten om medium var borte i eksamensrettleiingane frå 2017 og 2018, men at dette fortsatt var eit krav i nokre av oppgåvene. Difor verkar det ulogisk at dei har fjerna denne teksten frå rettleiingane, sidan dette tilseier at desse eksamensrettleiingane har blitt mindre konkret i forklaringa om mottakar/medium.

5.3.3 Føremål

At oppgåvene bør ha eit klart føremål er eitt av kjenneteikna på gode skriveoppgåver i følgje Skjelbred og Maagerø (Skrivesenteret, 2015). Dette er også eit fenomen som blir trekt fram i SKRIV sine ti tesar om skriveopplæring som handlar om at elevane må få trening i ulike skriveføremål, og at ein blir meir medviten om innhaldet og forma til teksten dersom ein veit kva føremålet med skrivinga er (Smidt, Solheim & Aasen, 2011, s. 14, 17–18). Etter læreplanrevisjonen i norsk var dette også noko som blei innført (Utdanningsdirektoratet, 2013, s. 5), og eksamensrettleiingane etter 2013 gjenspeglar dette ved å presisere at oppgåvene kan definere føremålet.

Kvithyld et al. (2014, s. 14) påpeikar at tekstar utanom skulesamanheng som oftast har eit føremål. I eksamensoppgåvene har det vore grei bruk av føremål der ca. halvparten av oppgåvene har definert dette, med unntak av fallet i 2016. Med utgangspunkt i det Kvithyld et al. seier, kan ein spekulere i om det ikkje burde bli presisert føremål i endå fleire av skriveoppgåvene. Dersom ein tenker over korleis tekstar blir skrivne utanom skulesamanheng, har ein som oftast eit mål med det ein skriv. Tenk deg at du brenn for miljøet, og har lyst å nå ut til fleire og påverke andre til å bli meir miljøbevisst. Forma, eller sjangeren, til teksten blir soleis til utifrå føremålet til teksten – kva du vil oppnå eller formidle med teksten. Dette er også noko Smidt et al. (2011, s. 27) trekker fram i den femte tesa om skriveopplæring i alle fag som handlar om at det er samanhengen og føremålet som skapar sjangeren. I oppgåvene frå skulane viste funne at det ikkje var før i 2018 at desse tankane om føremål slo igjennom, åtte år etter at viktigheita av det å nemne føremål blei trekt fram.

5.3.4 Tekstomgrep

Etter læreplanrevisjonen i norsk 2013 blei blant anna tekstomgrepet endra (Utdanningsdirektoratet, 2014, s. 12), noko som også førte til at måten å designe eksamensoppgåver på blei annleis (Norendal, 2016). I eksamensrettleiingane viste dette igjen ved å presisere at sjangeromgrepet er blitt tona ned, og eksamensoppgåvene sluttar å nemne kva sjanger elevane skal skrive eller velje mellom, sjølv om det er nokre unntak der nokre oppgåver kjem med døme på sjantrar elevane kan skrive i, eller kva type tekst som skal skrivast. Dette er som sagt avvik frå eksamensrettleiingane. Funn frå

skriveoppgåvene frå skulane viste at det i større grad vart variert mellom kva tekstomgrep som blei nytta i skriveoppgåvene, i tillegg til at desse oppgåvene i noko grad bestemmer sjanger.

For at elevane skal vite kva sjanger som er mest føremålstenleg, må dei ha kunnskap om sjangrar (Skrivesenteret 2013), og teori utover den teoretiske bakgrunnen til denne studien påstår at:

...en elev som kjenner til ulike sjangrer, alltid vil være bedre rustet til å oppfylle et formål (...) enn elever som [blant anna] ikke (...) har tenkt på hvilke sjangrer som er best egnet til å oppfylle ulike formål (Blikstad-Balas & Hertzberg, 2015, s. 49)

Utifrå denne påstanden kan det argumenterast for at det kan vere naudsynt å nemne sjangrar i nokre oppgåver som ein hjelp til dei svake skrivarane til tross for at dette avvik frå eksamensrettleiinga. Sjølv om eg innleiingsvis i dette kapitlet sa at eksamensoppgåvene og skriveoppgåvene frå skulane avvik frå eksamensrettleiingane ved at det blir nemnt sjanger og type tekst, viser dette difor at oppgåvene samsvarar med aktuell teori og forskning.

Kvistad og Smemo (2015, s. 239) poengterer at det er viktig med ein balansegang mellom førande og opne skriveoppgåver, sidan forskning viser at oppgåver med tydelege føringar kan vere lite utfordrande for sterke skrivarar. Gardner (2008, s. 35) legg vekt på at skriveoppgåver må designast slik at alle elevane har moglegheit til å svare på ho. I praksis kunne dette vore løyst ved å tilpasse oppgåvene med tanke på kva tekstomgrep som vert nytta sidan dette er noko som viser seg å vere vanskeleg for svake skrivarar. I rammeverk for eksamen (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 5) er eit av punkta at eksamen skal: «gi kandidater på alle nivå mulighet til å vise sin kompetanse», og nettopp difor er det eit argument for at eksamensoppgåvene kanskje bør variere tekstomgrepet i større grad slik som skriveoppgåvene frå skulane gjer. Nyare forskning bekreftar også denne teorien (Hilmer, 2018).

5.3.5 Kontekst

I komparasjonen mellom eksamensrettleiingane, eksamensoppgåvene og skriveoppgåvene frå skulane kom det fram at det blir praktisert fleire måtar å setje oppgåvene inn i ein kontekst på enn berre intertekstualitet (vise til førebuingmaterialet) som blir trekt fram i rettleiingane. Otnes (2014, s. 250) trekkjer fram at det av og til kan vere naudsynt å konstruere kontekstar, altså tenkte situasjonar, som kan virke motiverande for elevane. I ei anna studie av Otnes (2015, s. 244), som ikkje har vore omtalt i teorikapitlet, trekkjer ho fram at elevane kan bli tildelte roller som andre. Begge desse måtane å setje oppgåvene inn i kontekst på blei praktisert i både eksamensoppgåvene og oppgåvene frå skulane.

I analysen kom det også fram at innramminga til oppgåvene også kunne bestå av det eg har valt å omtale som «historiske fakta» og «viser til aktuelle problemstillingar/situasjonar». Dette syner igjen at eksamensrettleiinga er lite konkret i forklaringa.

5.4 Oppsummering

I kapittel 5.1 diskuterte eg om grunnen til at lærarane i mindre grad utformar oppgåver til tentamen og skrive dagar sjølve kan vere at dei ikkje har tilstrekkeleg kunnskap om eller tru på seg sjølve til å designe oppgåver i tråd med det funksjonelle skrivesynet. Eksamensrettleiingane er det dokumentet lærarane har å halde seg til i forhold til forklaring av eksamensoppgåvene, men på fleire område har eg antyda at rettleiingane har uklåre og lite konkrete forklaringar. Dersom dette er tilfellet, kan ein difor spekulere i om meir konkrete forklaringar i eksamensrettleiingane kunne vore eit tiltak for at fleire lærarar hadde blitt tryggare på korleis dei kan utforme oppgåver i samsvar med eit funksjonelt syn på skriving.

Som sagt har eg antyda at eksamensrettleiingane til tider kan ha vage forklaringar. Ofte er det samsvar både mellom teori, forskning og det om står i eksamensrettleiingane, men på somme område avvik eksamensoppgåvene og skriveoppgåvene frå rettleiingane samtidig som dei samsvarar med teori og/eller forskning. Dette blir til dømes vist i funn om kontekst der eksamensoppgåvene og oppgåvene frå skulane samsvarar med teori og forskning som blant anna nemner at konstruert kontekst er ein måte å setje oppgåver inn i ein samanheng. I eksamensrettleiingane blir det som sagt nemnt at oppgåvene har tilvisingar til førebuingmateriellet og at oppgåva kan ha andre «innrammingar» som ikkje blir nærare utdjupa.

6 Avslutning

I denne studien har det blitt undersøkt korleis ein kan legge opp til ei best mogleg skriveundervisning på ungdomsskulen ved å sjå nærare på korleis ein kan formulere gode skriveoppgåver. Ved å analysere eksamensrettleiingar, eksamensoppgåver og skriveoppgåver frå skular har eg funne ut kva Utdanningsdirektoratet legg vekt på i designet til eksamensoppgåvene, og om dette samsvarar med korleis det vert gjort i praksis. Eg har også funne ut kva oppgåver lærarar bruker til skrive dagar og tentamen, og om desse oppgåvene er i samsvar med eksamensrettleiingane og eksamensoppgåvene. Vidare har eg også funne ut korleis eksamensrettleiingane, eksamensoppgåvene og skriveoppgåvene samsvarar med aktuell teori og forskning.

Med utgangspunkt i kjende teoretikarar og forskarar (Gardner, 2008; Kringstad og Kvithyld, 2013; Kvistad og Smemo, 2015; Otnes, 2014; Skrivesenteret, 2015 [Skjelbred og Maagerø]; Smidt, Solheim & Aasen, 2011) sine synspunkt rundt det å designe skriveoppgåver, kom eg fram til desse tre kategoriane: skriveoppdrag, mottakar/publiseringskanal, føremål, tekstomgrep og kontekst. Alle desse kategoriane blei trekt fram som viktige kjenneteikn på gode skriveoppgåver.

I studien kom det fram at lærarane ikkje lenger lagar oppgåver sjølv til tentamen og skrivedagar. Dei få lærarproduserte oppgåvene eg fekk var frå 2013–2015, og etter 2015 var det berre tidlegare eksamensoppgåver og/eller standardiserte opplegg frå lærebøker/forlag som blei nytta. Desse oppgåvene samsvarte som regel med eksamensoppgåvene og eksamensrettleiingane. Hovudskilnadene var i forhold til kva tekstomgrep som blei nytta og kva kontekst oppgåvene vert sett inn i. Her kom det fram at oppgåvene frå lærebøker/forlag i større grad presiserer kva type tekst som skal skrivast der det til og med blir nemnt sjanger i nokre oppgåver. I eksamensrettleiingane blir det presisert at det er opp til elevane å velje sjanger eller type tekst som er føremålstenleg, og difor er det som oftast berre «tekst» som blir nytta i eksamensoppgåvene.

I høve kontekst blir både eksamensoppgåvene og skriveoppgåvene frå skulane sett inn i andre samanhengar enn det som blir omtalt i eksamensrettleiingane. I eksamensrettleiingane står det at oppgåvene vil ha tilvisingar til førebuingmaterialet, og at dei kan ha andre innrammingar. Kva som blir meint med innrammingar blir ikkje nærare forklart, men funn frå analysen av skriveoppgåvene viser at konteksten eksamensoppgåvene og oppgåvene frå skulane blir sett inn i samsvarer med teori og funn frå andre studiar.

Studien viste også at skriveoppdraget til dei forskjellige oppgåvene, spesielt eksamensoppgåvene, varierer. I eksamensrettleiingane etter 2013 blir det presisert at oppgåvene kan setje krav til innhald og bruke skrivehandlingar eller verb frå læreplanen (2014–2016), medan teksten om skrivehandlingar og verb er fjerna frå rettleiingane frå 2017 og 2018. Her viser det seg at det fortsatt blir brukt skrivehandlingar og verb i eksamensoppgåvene frå 2017–2018 sjølv om dette ikkje lenger blir presisert i eksamensrettleiingane. Utforminga til skriveoppdraga i oppgåvene frå skulane har vore meir stabil der det som oftast har vore variasjon mellom handlingsverb/frasar og krav til innhald, og oppgåvene har stort sett vore tydelege. I eksamensoppgåvene var fleire døme på oppgåver med utydelege skriveoppdrag og oppgåver utan skriveoppdrag.

Funn om dei andre kategoriane viser at det stort sett er samsvar mellom eksamensrettleiingane, eksamensoppgåvene og skriveoppgåvene frå skulane, men nokre unntak finst det. Til dømes er det få oppgåver generelt som nemner mottakar og/eller publiseringskanal, der det er oppgåvene frå skulane som kjem dårlegast ut i dette tilhøvet. I forhold til føremål, var også dette noko oppgåvene frå skulane kom dårlegast ut på der det ikkje var før i 2018 at bruken av føremål i oppgåvene verkeleg fann stad. Eksamensoppgåvene hadde ei grei utvikling i kor stor del av oppgåvene som bestod av føremål fram til 2016 der det skjedde eit dramatisk fall i denne utviklinga. Ingen av oppgåvene frå 2016 nemnde føremål, og det var ingenting i eksamensrettleiinga for dette året, eller førre år, som tilsa at dette kom til å skje.

Problemstillinga for studien var:

Kva kjenneteiknar skriveoppgåver gitt til tentamen og skrivedagar for 10. trinn? Korleis samsvarar desse oppgåvene, eksamensoppgåver og eksamensrettleiingar med kvarandre og med kriterium for gode oppgåvetekstar?

Utifrå funna i studien kan det for det første konkluderast med at bruken av lærarproduserte oppgåver har gått ned. Grunnen til dette er uviss sidan eg ikkje har intervjuet lærarane, men det kan tenkast at lærarane er usikre på korleis oppgåvene bør utformast i tråd med det funksjonelle skrivesynet på grunn av det sterke fokuset som har vore på sjanger og sjangerundervisning opp i gjennom åra. Vidare trakk eg fram nokre av tesane frå SKRIV-prosjektet som seier at ei av oppgåvene til lærarane er å støtte elevane og bidra med å utvikle det metaspråklege medvitet deira, og i tillegg gi konkrete og presise tilbakemeldingar til elevane. Men korleis meistre dette dersom det er tilfellet at lærarane ikkje er trygg nok på dette sjølv?

I komparasjonen mellom eksamensrettleiingane, eksamensoppgåvene og oppgåvene frå skulane, kan det konkluderast med at eksamensrettleiingane til tider kan vere vage og upresise i forklaringane på grunn av skilnader mellom det som blir skriva og korleis det blir gjort i praksis (eksamensoppgåvene). Utifrå tankane i førre avsnitt om kvifor lærarar ikkje designar oppgåver sjølve, etterspør eg difor meir konkrete og presise formuleringar i eksamensrettleiingane sidan dette er retningslinjer som lærarar, og elevar, har å halde seg til i høve korleis eksamensoppgåvene blir utforma.

Til tross for dei litt vage formuleringane i eksamensrettleiingane, viser praksisen (eksamensoppgåvene og oppgåvene frå skulane) at den stort sett er i tråd med aktuell forskning og teori om design av gode

skriveoppgåver. Dette tyder på at designarane bak oppgåvene er oppdatert rundt emnet, sjølv om det også har vore nokre glippar her og der. Kort oppsummert konkluderer denne studien med at det er:

- Mest vanleg å bruke tidlegare eksamensoppgåver eller andre standardiserte opplegg på tentamen og skrive dagar for 10. trinn i staden for å produsere oppgåver sjølv.
- Tenleg med meir konkrete og presise formuleringar i eksamensrettleiingane.
- Stort sett samsvar mellom designet til eksamensoppgåvene og skriveoppgåvene i høve teori og forskning om gode skriveoppgåver.

6.1 Kritiske refleksjonar rundt eige arbeid

Først og fremst er det viktig å påpeike at funna mine ikkje kan generalisere for at det er slik det blir gjort i alle skulane sidan det berre er tre skular som er representert i studien, men likevel kan resultatene vere ein indikasjon på korleis praksisen i skulane kan vere.

Utover dette, vil som sagt kvalitativ forskning vere påverka av forskaren (Grønmo, 2004, s. 192). Det vil seie at både analysen av datamaterialet og utvalet av dokument har vore påverka av mi førforståing og mine tolkingar. Dette kan til dømes ha ført til at interessante funn og tolkingar kan ha blitt forbigått eller ikkje fanga opp, i tillegg til at det kanskje finst andre dokument som hadde vore relevant å analysert i denne studien. I ettertid har for eksempel tanken om at eksamensrapportane kanskje kunne ha vore interessante å undersøkt i denne samanhengen streifa meg (utan at eg har gått djupare inn i dei no).

Eit moment som eg meiner har styrka oppgåva mi er at sjølv om masterprosjektet har pågått over lenger tid enn planlagt, har dette ført til ei skikkeleg gjennomgang av analyse materialet fleire gonger for å rette opp i eventuelle feil og dobbeltsjekke at eg har vore konsekvent i analysen – at eg har vore einig i mine egne tolkingar.

6.2 Veggen vidare

I løpet av arbeidet med masteroppgåva har det dukka opp mange spennande problemstillingar og tankar om kva meir som kunne ha blitt forska på. Det som kanskje hadde vore mest interessant er å undersøke vidare om praksisen ute i skulane. Finst det fortsatt lærarar som sjølv utformar oppgåver til skrive dagar og tentamen på 10. trinn, eller er det berre tidlegare eksamensoppgåver og andre standardiserte opplegg som blir brukt? I ein eventuell ny studie hadde det også vore interessant å intervju lærarar om grunngevinga deira for kvifor/kvifor ikkje dei lagar egne oppgåver.

Eit anna moment som hadde vore interessant å sett nærare på, er korleis balansen mellom oppgåver som gir tydelege føringar om innhald, form og føremål er i forhold til opne oppgåvetekstar der elevane i større grad må resonnerer seg fram til kva som er føremålstenleg å gjere. Forsking viser at svake skrivarar har meir behov for førande skriveoppgåver, medan sterke skrivarar har meir behov for opne skriveoppgåver. Difor hadde det vore aktuelt å forska på om det er noko fordeling mellom oppgåver med tydelege føringar og opne oppgåvetekstar.

I 2016 skjedde det som sagt eit fall der plutselig ingen av eksamensoppgåvene definerte føremål. Kva forklaringa til dette kan vere er ikkje noko eg har grunnlag for å svare på i denne studien, og difor hadde det vore interessant å undersøkt dette fenomenet nærare. Kvifor er det ingen oppgåver som nemner føremål i 2016 når dette blir gjort i eksamensoppgåvene både før og etter dette året?

Litteraturliste

- Berge, K. (2005). *Skriving som grunnleggende ferdighet og som nasjonal prøve - ideologi og strategier*. Oslo.
- Berge, K., & Skar, G. (2015). *Ble elevene bedre skrivere? Intervensjonseffekter på elevers skriveferdigheter og skriveutvikling*. Rapport 2 frå Normprosjektet. Trondheim: Høgskolen i Sør-Trøndelag. Henta januar 16., 2017 fra http://norm.skrivesenteret.no/wp-content/uploads/2015/08/Berge_og_Skar-2015-NORM-rapport2.pdf
- Blikstad-Balas, M., & Hertzberg, F. (2015). Fra sjangerformalisme til sjangeranarki? *Norsklæreren*(1), ss. 47-51.
- Christoffersen, L., & Johannessen, A. (2012). *Forskningsmetode for lærerutdanningene*. Oslo: Abstrakt forlag.
- Det norske akademis ordbok. (u.å.). *Tentamen*. Henta oktober 30., 2019 fra Det norske akademis ordbok: <https://www.naob.no/ordbok/tentamen>
- Dysthe, O., Hertzberg, F., & Hoel, T. L. (2010). *Skrive for å lære. Skrivning i høyere utdanning*. Oslo: Abstrakt.
- Gardner, T. (2008). *Designing Writing Assignments*. Illinois: the National Council of Teachers of English.
- Grønmo, S. (2004). *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Hellspång, L., & Ledin, P. (1997). *Vägar genom texten. Handbok i brukstextanalys*. Lund: Studentlitteratur.
- Hilmer, I. (2018, juli 25). *Slik kan norsklæreren hjelpe elever som ligger foran resten av klassen*. Henta 25 november, 2019 fra Utdanningsnytt: <https://www.utdanningsnytt.no/fagartikkel/slik-kan-norsklaereren-hjelpe-elever-som-ligger-foran-resten-av-klassen/171669>
- Håland, A. (2016). *Skivedidaktikk. Korleis støtta elevane si skrivning i fag?* Oslo: Universitetsforlaget.
- Iversen, H. M., & Otnes, H. (2016). *Å lære å skrive : tekstkompetanse i norskfagets skriveopplæring*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kringstad, T., & Kvithyld, T. (2013). Kva er fagskriving i norskfaget? *Norsklæreren*, ss. 31-36.
- Kringstad, T., & Kvithyld, T. (2013, u.å. u.å.). Skrivning på ungdomstrinnet. Fem prinsipper for god skriveopplæring. *Bedre Skole nr. 2*, ss. 71-79.
- Krumsvik, R. (2019). *Kvalitativ metode i lærerutdanninga*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Kvistad, A. H., & Smemo, J. (2015). Den gode skriveoppgaven? En studie av fellestrekk ved vellykkede skriveoppgaver fra Normprosjektet. I H. Otnes, *Å invitere elever til skrivning. Ulike perspektiver på skriveoppgaver* (ss. 221-242). Bergen: Fagbokforlaget.

- Kvithyld, T., Kringstad, T., & Melby, G. (2014). *Gode skrivestrategier - på mellomtrinnet og ungdomstrinnet*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk Forlag.
- L97. (1996). *Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen*. Oslo: Nasjonalt læremiddelsenter.
- Larsen, A. (2012). *En enklere metode*. Bergen: Fagbokforlaget.
- M87. (1987). *Mønsterplan for grunnskolen*. Oslo: Kirke- og undervisningsdepartementet og H. Aschehpug & Co (W. Nygaard).
- Myran, I. H. (2012). Oppdagende skriving - en vei inn i lesingen. *Bedre Skole, 2012*, ss. 17-21.
- Norendal, A. (2016, september 17.). Dannelsingsperspektiver i grunnskolens eksamensoppgaver. *Acta Didactica*. Henta januar 16., 2017 fra <https://utdanningsforskning.no/artikler/dannelsingsperspektiver-i-grunnskolens-eksamensoppgaver-i-norsk/>
- NOU. (2003). *I første rekke. Forsterket kvalitet i en grunnopplæring for alle*. Oslo: Norges offentlige utredninger.
- Ongstad, S. (2004). *Språk, kommunikasjon og didaktikk. Norsk som flerfaglig og fagdidaktisk ressurs*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Ongstad, S. (2009). Kan skriveutvikling planlegges? Eleven i møte med skolens oppgavekultur. I O. Haugaløkken, L. S. Evensen, F. Hertzberg, & H. Otnes, *Tekstvurdering som didaktisk utfordring* (ss. 74-83). Oslo: Universitetsforlaget.
- Otnes, H. (2013). Fiktive skriveroller og ukjente mottakere. Kontekstualisering i skriveoppgaver. I N. Askeland, E. Maagerø, & B. Aamotsbakken, *Læreboka. Studier i ulike læreboktekster* (ss. 201-215). Trondheim: Akademika.
- Otnes, H. (2014). Å designe skriveoppgaver. I A. Skaftun, P. Uppstad, & A. Aasen, *Skriv! Les! 2* (ss. 237-255). Bergen: Fagbokforlaget.
- Otnes, H. (2015). Skriveoppgaver under lupen. I H. Otnes, *Å invitere elever til skriving* (ss. 11-27). Bergen: Fagbokforlaget.
- Otnes, H. (2015). Tildelte skriveroller og posisjoner i skriveoppgaver på mellomtrinnet. I H. Otnes, *Å invitere elever til skriving. Ulike perspektiver på skriveoppgaver* (ss. 243-259). Bergen: Fagbokforlaget.
- Postholm, M., & Jacobsen, D. (2018). *Forskningsmetode for masterstudenter i lærerutdanning*. Oslo: Cappelen damm.
- Skjelbred, D. (2014). "Å ha historia med seg" Noen trekk ved skolens skriveopplæring i et historisk perspektiv. I K. Kverndokken, *101 skrivegrep - om skriving, skrivestrategier og elevers tekstskaiping* (ss. 289-304). Bergen: Fagbokforlaget.
- Skrivesenteret. (2012, juni 12). *Skriving i læremidler*. Henta september 22, 2019 fra Skrivesenteret: <http://www.skrivesenteret.no/ressurser/skriving-i-laeremidler/>

- Skrivesenteret. (2013, august 15). *Læreplanrevisjonen: Hva, hvorfor og hvordan?* Henta juni 11, 2019 fra Skrivesenteret: <http://www.skrivesenteret.no/ressurser/laereplanrevisjonen-hva-hvorfor-og-hvordan/>
- Skrivesenteret. (2013, april 16). *Skrivehjulet*. Henta juni 26, 2019 fra Skrivesenteret: <http://www.skrivesenteret.no/ressurser/skrivehjulet/>
- Skrivesenteret. (2013, juni 14). *Skrivetrekantene: videoforedrag med Jon Smidt*. Henta april 11, 2019 fra Skrivesenteret: <http://www.skrivesenteret.no/ressurser/skrivetrekantene-videoforedrag-med-jon-smidt-ny/>
- Skrivesenteret. (2014). *Normprosjektet*. Henta juni 09, 2016 fra Skrivesenteret: <http://www.skrivesenteret.no/ressurser/normprosjektet/>
- Skrivesenteret. (2015, juni). *Hva kjennetegner gode skriveoppgaver*. Henta 16 september, 2019 fra Skrivesenteret: <http://www.skrivesenteret.no/ressurser/hvordan-kan-gode-skriveoppgaver-fremme-god-skriveopplaering/>
- Smidt, J. (2010). Skrivekulturer og skrivesituasjonen i bevegelse - fra beskrivelser til utvikling. I J. Smidt, *Skriving i alle fag - innsyn og utspill* (ss. 11-35). Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Smidt, J. (Red.). (2010). *Skriving i alle fag - innsyn og utspill*. Trondheim: Tapir akademisk forlag.
- Smidt, J., Solheim, R., & Aasen, A. (Red.). (2011). *På sporet av god skriveopplæring - ei bok for lærere i alle fag*. Trondheim: Tapir Akademisk forlag.
- Solheim, R., & Matre, S. (2014, mars). Forventninger om skrivekompetanse. Perspektiver på skriving, skriveopplæring og vurdering i "Normprosjektet". *Viden om læsning*, ss. 76-89. Henta januar 16, 2017 fra http://norm.skrivesenteret.no/wp-content/uploads/2014/03/videnom_15_8.pdf
- Utdanningsdirektoratet. (2010). *Læreplan i norsk*. Henta februar 26., 2016 fra Udir: <http://data.udir.no/kl06/NOR1-04.pdf?lang=nob>
- Utdanningsdirektoratet. (2012-2017). *Teoretisk bakgrunnsdokument for arbeid med skriving på ungdomstrinnet*. (T. Kvithyld, & T. Kringstad, Redaktører) Henta juni 17, 2019 fra Utdanningsdirektoratet: <https://www.udir.no/globalassets/upload/ungdomstrinnet/rammeverk/teoretisk-bakgrunnsdokument-skriving-revidert.pdf>
- Utdanningsdirektoratet. (2013). *Eksamensrettledning - om vurdering av eksamenssvar*. Oslo.
- Utdanningsdirektoratet. (2013). *Læreplan i norsk*. Henta februar 26., 2016 fra Udir: <http://data.udir.no/kl06/NOR1-05.pdf?lang=nob>
- Utdanningsdirektoratet. (2013-2017). *Rammeverk for skolebasert kompetanseutvikling på ungdomstrinnet 2013-2017*. Henta februar 26., 2016 fra Udir: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/nasjonale-satsinger/ungdomstrinn-i-utvikling/Rammeverk-skolebasert-kompetutv-uttrinnet2012-2017/>
- Utdanningsdirektoratet. (2014). *Eksamensrettledning - om vurdering av eksamenssvar*.

- Utdanningsdirektoratet. (2014, oktober 20). *Erfaringer og vurderinger av eksamen 2013*. Henta juni 06, 2019 fra Udir: <https://www.udir.no/tall-og-forskning/finnforskning/rapporter/Erfaringer-og-vurderinger-av-eksamen-2013/>
- Utdanningsdirektoratet. (2014, april 02). *Hva sier forskningen?* Henta april 11, 2019 fra Utdanningsdirektoratet: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/grunnleggende-ferdigheter/skriving/skriving-som-grunnleggende-ferdighet/Hva-sier-forskningen/>
- Utdanningsdirektoratet. (2015). *Eksamensrettledning - om vurdering av eksamenssvar*. Oslo.
- Utdanningsdirektoratet. (2015, september 14). *Hvordan jobbe med skriving som grunnleggende ferdighet i norsk?* Henta mai 24, 2019 fra Udir: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/grunnleggende-ferdigheter/skriving/eksempler-pa-god-praksis-i-skriving/skriving-i-norsk/skriving-i-norsk/>
- Utdanningsdirektoratet. (2016). *Eksamensrettledning - om vurdering av eksamenssvar*. Oslo.
- Utdanningsdirektoratet. (2017). *Eksamensrettledning - om vurdering av eksamenssvar*. Oslo.
- Utdanningsdirektoratet. (2017, februar 14). *Rammeverk for eksamen*. Henta fra Udir: <https://www.udir.no/eksamen-og-prover/eksamen/rammeverk-eksamen/>
- Utdanningsdirektoratet. (2017, november 15). *Rammeverk for grunnleggende ferdigheter*. Henta mai 23, 2019 fra Udir: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/grunnleggende-ferdigheter/rammeverk-for-grunnleggende-ferdigheter/>
- Utdanningsdirektoratet. (2018). *Eksamensrettledning - om vurdering av eksamenssvar*. Oslo.
- Utdanningsforskning. (2016, januar 21.). *Slik skal skriving styrkes i skolen*. Henta januar 18., 2017 fra Utdanningsforskning: <https://utdanningsforskning.no/artikler/slik-skal-skriving-styrkes-i-skolen/>
- Widén, P. (2015). Kvalitativ textanalys. I A. Fejes, & R. Thornberg, *Handbok i kvalitativ analys* (ss. 176-193). Stockholm: Liber.

7 Vedlegg

7.1 Informasjonsskriv til rektor	72
7.2 Oversikt over datamateriale.....	73
7.3 Oppsummering: Analyse av eksamensrettleiingane.....	73
7.3.1 Kva som blir skrive om «skriveoppdrag» i eksamensrettleiingane.....	73
7.3.2 Kva som blir skrive om «mottakar og publiseringskanal» i.....	74
eksamensrettleiingane	74
7.3.3 Kva som blir skrive om «føremål» i eksamensrettleiingane.....	74
7.3.4 Kva som blir skrive om «tekstomgrep» i eksamensrettleiingane.....	74
7.3.5 Kva som blir skrive om «kontekst» i eksamensrettleiingane.....	75
7.4 Analyse av eksamensoppgåver.....	75
7.4.1 Overblikk over oppgåvesetta.....	75
7.5.2 Kodar til oppgåvetekstane.....	76
7.5.3 Analyse av oppgåvene.....	90
7.6 Analyse av oppgåver frå skule 1	97
7.6.1 Overblikk over oppgåvesetta.....	97
7.6.2 Kodar til oppgåvetekstane.....	98
7.6.3 Analyse av oppgåvene.....	101
7.7 Analyse av oppgåver frå skule 2	103
7.7.1 Overblikk over oppgåvesetta.....	103
7.7.2 Kodar til oppgåvetekstane.....	104
7.7.3 Analyse av oppgåvene.....	111
7.8 Analyse av oppgåver frå skule 3	115
7.8.1 Overblikk over oppgåvesetta.....	115
7.8.2 Kodar til oppgåvetekstane.....	116
7.8.3 Analyse av oppgåvene.....	118
7.9 Oversikt over funn frå oppgåvene.....	119
7.9.1 Kva skriveoppdrag som blir nytta i eksamensoppgåvene	119
7.9.2 Kva skriveoppdrag som blir nytta i skriveoppgåvene frå skulane	120
7.9.3 Kva eksamensoppgåver som nemner mottakar og/eller kanal.....	120
7.9.4 Kva oppgåver frå skulane som nemner mottakar og/eller kanal.....	120
7.9.5 Kva tekstomgrep som blir nytta i eksamensoppgåvene.....	121
7.9.6 Kva tekstomgrep som blir nytta i oppgåvene frå skulane	121

7.1 Informasjonsskriv til rektor

Hei!

Eg er student ved Høgskulen på Vestlandet, avdeling for lærarutdanning og idrett, og går på masterstudiet «Læring og undervisning» der eg har fordjupa meg i faget norsk. Etter å ha hatt permisjon i 1 år frå studiet, er eg no klar for å starte opp igjen med masterprosjektet mitt. Studiet tek eg på deltid sidan eg er heime med son min på 15 månadar. Planen er å levere våren 2019.

Temaet i masterprosjektet er norskdidaktikk der eg ønsker å sjå nærare på kva skriveoppgåver som blir gitt til elevar på skrivedagar og tentamen. I dette høvet er eg interessert i å komme i kontakt med norsklærarar som er/har vore på 10. trinn. Frå desse lærarane ønsker eg oppgåvesett som er blitt gitt på tentamen og skrivedagar i hovudmål for 10. klasse i åra 2013, 2016 og 2017/2018.

Eg kan garantere at all informasjon vil bli behandla konfidensielt, og at skulen og lærarane vil bli anonymiserte. Dersom det er av interesse, kan de få tilgang på oppgåva når den er ferdig.

Håpar på positiv tilbakemelding!

Sender ved kontaktinfoen til rettleiaren min, Jan Olav Fretland:

Mobil: xxx

E-post: xxx

Vennleg helsing

Silje Larsen Fjellheim

Masterstudent v/Høgskulen på Vestlandet

Mobil: xxx

E-post: xxx

7.2 Oversikt over datamateriale

	OPPGÅVER LAGA SJØLV	EKSAMENSOPPGÅVER/ UDIR	OPPGÅVER HENTA FRÅ LÆREBØKER
SKULE 1	2013 hovudmål 2014 sidemål	2016 hovudmål (2014h) 2018 hovudmål (2018h) 2018 sidemål (2018s)	2016 sidemål (Faktafyk)
SKULE 2			2016 hovudmål (Nye Kontekst) 2016 sidemål (Nye Kontekst) 2017 hovudmål (Gyldendal) 2017 sidemål (Gyldendal) 2017 hovudmål (Nye kontekst) 2017 sidemål (Nye kontekst) 2018 hovudmål, haust (Nye kontekst) 2018 hovudmål, vår (Nye kontekst) 2018 sidemål (Nye kontekst)
SKULE 3	2015 hovudmål 2015 sidemål	2013 sidemål (eksempeloppg. 2013) 2013 hovudmål (eksempeloppg. 2013) 2016 hovudmål (2015h) 2016 sidemål (2015s) 2017 hovudmål (2017h) 2017 sidemål (2017s) 2018 hovudmål (2015s) 2018 sidemål (2015h)	

h = hovudmål

s = sidemål

7.3 Oppsummering: Analyse av eksamensrettleiingane

7.3.1 Kva som blir skrive om «skriveoppdrag» i eksamensrettleiingane

ÅR	OM SKRIVEOPPDRA
2013	Krav til innhald.
2014	Kan innehalde skrivehandlingar eller verb frå læreplanen, og kan setje krav til innhald.
2015	Kan innehalde skrivehandlingar eller verb frå læreplanen, og kan setje krav til innhald.

2016	Kan innehalde skrivehandlingar eller verb frå læreplanen, og kan setje krav til innhald. Blir i tillegg konkretisert at oppgåveinstruksen skal hjelpe eleven å velje type tekst og til å utforme innhaldet i oppgåvesvaret.
2017	Kan innehalde krav til innhald. Seier kva eleven <i>skal</i> gjere.
